

Bygdabladet

for BOKN



Folkefest – s. 4

Foto: Alf-Robert Sommerbakk/
Haugesunds Avis



Al Gore sitt arbeid gir optimisme i Bokn Plast
Les meir s. 6



4. mars stenger det gamle analoge
TV-nettet i Rogaland. Les meir s. 11



Minnestein for bortkomne på havet
Les meir s. 15

Vinden tok tak

Jardar Havikbotn

Varebil med hengar sperra E39 i over to timar etter uhell på Boknasundbrua.

Uhellet skjedde kl. 9.15. Varebilten fekk sleng og tilhengaren velta og kilte seg fast. Det vanskelege redningsarbeidet med å få alt fjerna pågjekk til kl. 11.30.



Bil og hengar kilte seg fast.

Foto: Reidar Alvestad

Kilometerlange køar hopa seg opp på begge sider, og etterkvart blei det fullt av sultne bilistar på Arsvågen Kro & Gardsmat. Helga Foss ved Coop Marked Bokn fortel at også dei fekk besøk av verfaste bilistar, som dei m.a. Spanderte kaffi på.

I 14-tida begynte både kø og ferje å røra på seg igjen, etter at vinden hadde løya, og ting kom etterkvart i rute.

Omsorgsperson i kø

Susanne Grønnestad (**bildet**) var på veg heim til Kro etter ein snartur på Coop Marked Bokn. Då ho nærma seg brua, så ho ein kvit bil midt oppå. Og då ho køyrde oppover, viste det seg at den kvite bilen hadde sett seg fast mellom rekkverka og fått skader i fronten.



Susanne hadde ikkje mobiltelefonen med seg, men lånte ein frå bilen bak og fekk ringt politiet. Som førstemann i køen kunne Røde Kors-medlemmet, med opplæring i sikring av skadestad og førstehjelp, gi politiet detaljerte opplysningar om situasjonen. Ho gjekk så mot den tyskregistrerte bilen. Det regna og blåste noko forferdeleg.

- Eg måtte klamra meg fast te rekkverket, og det va sånn trykk i øynene at det gjorde vondt, fortel 24-åringen. Passasjeren sat i bilen medan føraren var ute for å sjå på skadene. Han kunne lite engelsk, men svarte smilande med ja, ja, ja og tommelen opp, så Susanne kunne gi politiet beskjed om at dei heldigvis ikkje var fysisk skada.

Store krefter i sving

Ho gav tyskarane god moralsk støtte til redningsbilane kom, og returnerte etterkvart til sin eigen bil. Utan tlf. blei det etterkvart keisamt, og nyhetssendingane på radioen fortalde at det var usikkert når brua blei opna igjen. Sulten melde seg også, og ein nyinnkjøpt yoghurt kom fram. Å få den i seg skulle visa seg som ei kjempeutfordring. Vinden rista slik i brua og bilen at ho måtte gi opp yoghurt-etinga.

11.30 blei brua rydda, men ingen fekk altså køyra over før 2,5 timar seinare, og i 12-tida var Susanne så våt og kald at ho køyrde til mor si på Vestre Bokn. Dette kunne ho sjølv-



Kapellhengaren var skikkeleg "mat" for stormen. Her er hengaren sikra med reimar og tau.

Foto: Reidar Alvestad

sagt gjort mykje tidlegare, men så var det dette med dragninga mot ei slik hending og å hjelpa andre menneske.

Innebygd magnet

Ein skulle nesten tru at vikaren ved Bokn sjukestove hadde innebygd magnet for ulykker med køyretøy. Ho har i alle fall kome utfor fleire slike hendingar. Ein gong hadde ein lastebil køyrd på sjøen i botn av Susortbakken, og Susanne hoppa i det våte element og sikra at føraren hadde det ok før redningsmannskapet kom. Ein annan gong var det ein sjåfør så måtte ha behandling for å ha brunne seg på fingrane etter å ha rota i ein bilmotor.



Redningsfolka frakta bilen og hengaren til Vestre Bokn med Falken sin redningsbil som vindskjul, slik at hengaren ikkje bles på sjøen.

Foto: Kjell Frode Lie

Susanne nemner at det desse ulykkene alltid har endt godt. Når eg derimot nemner at dei har meldt storm igjen til kvelden, kjem det raskt:

- Då skal eg halda meg heime...

Kjære lesar

Godt nytt år med Bygdabladet!

Me som arbeider med bladet vil også i 2008, i Bygdabladet sin 23. årgang, gjera vårt beste for at du skal få lesa interessant lokalstoff i kategoriane politikk, kommunenytt, næringsliv, kultur og sport.

Det vil også vera plass til regionalt og nasjonalt stoff med relevans til Bokn. Slikt stoff vil i første rekke komma i nettutgåva, men også mellom to permar dersom artiklane ikkje blir for

gamle i forhold til når bladet kjem ut.

Engasjement

Som kjent er Bygdabladet eit kontakt- og informasjonsorgan mellom kommunen, bygdefolket og utflytta boknarar. Då passar det å minna om at borte- buande skuleelevar og studentar får gratisabonnement på bladet.

Eit variert og spennande blad er avhengig av engasjerte sambygdingar og utanbygdsabonnentar. Mange er flinke å komma med tips, tekstar og bilder,

og ikkje minst idear. Det er ikkje så mykje som skal til i vår digitale SMS/MMS og epost-verd før ein tanke blir til tekst & bilde.

Dette bladet er eit godt døme på at stort engasjement frå lesarar resulterer i innhaldsrike blad. Eg håpar det vil falla i smak!

- redaktøren -



ORDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Turgåarar

2124 personar har i 2007 skrive seg inn i gjesteboka på toppen av Boknafjellet, og tradisjonen tru har me trekt ut to vinnarar av eit krus frå Bokn kommune. Denne gong blei det Gabriel N. Hetland og Kristin A. Eide. Me gratulerer!

Stavanger08

Opninga av Stavanger som kulturhovudstad fann stad laurdag 12.01.08. Bortimot 60 000 menneske hadde funne vegen til Stavanger sentrum denne januar-dagen for å få med seg den storslagne opninga av kulturhovudstaden.

Bokn var representert i gateparaden og viste godt igjen med flotte fargar, kostymar og musikk. Eg vil retta ein stor takk til alle som stilte opp og bidrog til at Bokn blei marknadsført på ein framifrå måte.

Midtskyssen

Regjeringa har fastsett at det skal innførast fem ekstra veketimar undervisning i skulane frå 01.08.08. Som fylgje av dette blei fag- og timefordelinga for småskulesteget justert i formannskapsmøtet den 05.02.08.

Vedtaket får ikkje innverknad på dagens midtskyss-ordning. Dette vil seia at dagens ordning med midtskyss to av dagane i veka held fram, i tillegg til vanleg skuleskyss.

Sørheimutvalet

Den 28.01.08 var høyringsfristen for Sørheimutvalets forslag til nytt inntektssystem. Administrasjonen vår har jobba godt og effektivt i denne saka, samstundes som ein politisk har markert problemstillinga inn mot departementet og partia.

Bokn har jobba tett opp mot kommunane Utsira og Kvitsøy, som har samanfallande problemstillingar som

Bokn. I tillegg blei Telemarksforskning engasjert til å utreda konsekvensane for desse tre kommunane.

Bokn har i denne samanhengen lansert eit forslag om ein småkommunemodell – ein modell som skal gjelda kommunar med færre enn 2000 innbyggjarar. Desse kommunane skal etter denne modellen ha ein kompensasjon ved eit eventuelt bortfall av m.a. skjønnsmidler og regionaltilskot.

Formannskapet ga i høyringsuttalen elles uttrykk for at ein er sterkt kritisk til Sørheimutvalet sitt forslag til endring i inntektssystemet – ei endring som vil få store, utilsikta og uføresette verknadar for småkommunar som Bokn.

I tida framover kjem eg og ordførarane i Utsira og Kvitsøy til å markera saka både opp mot eigne parti, stortingspolitikarar og departementet. Me har også bedt om eit felles møte med kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa.

Biblioteket

I desse dagar er det fem år sidan Bokn bibliotek flytta inn i nye og tidsriktige lokale i Føresvik. Biblioteket blir flittig brukt av både store og små, og dette visar igjen på statistikken. Bokn ligg på utlånstoppen i fylket, berre slått av Utsira, med om lag 14 utlån per innbyggjar.

Dette visar at biblioteket etterkvart har blitt ein viktig møtestad og kulturarena i kommunen. Eg vil oppmoda endå fleire boknarar til å ta i bruk biblioteket vårt, anten det er for å ta ein drøs over ein kaffikopp eller det er for å låna Hélène Cixous siste roman. Begge delar er gratis.

Ordføraren

Bokn musikkorps og Bokn danseklubb spela og dansa for 60.000 i Stavanger sentrum under opninga av kulturbyåret laurdag 12. januar. Det blei ein fantastisk dag!



Foto: Ragna Alvestad

Ingen tvil om kven som kjem her.

Foto: Ragna Alvestad

Til høgre: Korpsformann Odd Grønnestad var sjølvsgagt sjåfør.

Foto: Hans Faye

Den to km lange ferda gjennom enorme folkemassar i vindstille opphaldsver var utruleg flott på mange måtar. Heilt frå første rytmeslag svingte musikken og dansarane var i full vigør frå første meter.

Det fargerike innslaget smitta tydelegvis over på publikum. Langs heile traseen kunne ein sjå smilande, klappande og trippande menneske. Det gjorde godt å sjå at opptrinnet slo an blant dei fremmøtte, og det inspirerte oss til å stå på heile



Foto: Hans Faye



Foto: Ingunn Grønnestad

var pynta av Wendy/Terje Riber/Marjorie Herbert.

På tilhengaren var 18 messingblåsarar frå Bokn Brass/Rustne Horn, Øyvind Børgeesen på trommesett, Wolfgang B. Ognøy på heimelaga timbali-tromme og underteikna med m.a. raud trompet. Dei fleste messingblåsarane spelte også på rytmeinstrument då leppene fekk kvila litt mellom låtane.

Rett bak tilhengaren kom **Annstein Vik (midt i bildet)** på heimelaga bongo-tromme og **Venevil Birkelund (til høyre for han)** på agogo. Dei gjekk i spissen for 9 stk. frå skulekorpset, som slo på ulike trommer og rytmeinstrument.

Til saman fekk me ein rytmeseksjon som ingen har høyrst maken til i korpset si historie. Og om ikkje det var nok så singla det også i maracas frå dansarane og baktroppen.

For bak korpset leia Wendy Riber 12 dansepar som heiv seg inn i non stop-sambadans i 1,5 timar, ein stor prestasjon for mange små danseføter. Danseoptrinnet var godt innøvd, og dei skifta formasjonar under heile paraden. Fem foreldre frå Bokn danseklubb danna baktroppen. 63 stk. til saman, inkludert sjåfør Odd Grønnestad som sjølvsgagt også hadde kostyme.



Mange glade og entusiastiske folk langs løypa fekk oss til å yta vårt aller beste.

Foto: Hans Faye

vegen.

God paradegjeng

Då dei fleste som spelte fekk plass på tilhengaren, hadde Odd Grønnestad montert opp kjennermerket til Bokn på lasteplanet. Eit vegskilt-fundament med fire raude lys i ein jordhaug symboliserte Boknafjellet med masta. Modellen var også festa med barduner og stakk fire meter opp frå bakken. **(Sjå det store forsidebildet)**. Lasteplanet og tilhengaren

Musikalsk kick

Og plutselig var me foran kongetribunen. Dei klappa og smilte i klarveret. Rundt tribunen og oppover torget stod folk som sild i tønne, og det var ein fryd å opptre for så mange. Det er då ein amatør-musikar får eit såkalla kick, med å berre løfta instrumentet og blåsa for full kraft utover ein stor og entusiastisk folkemasse. Eit stort og minnerikt augeblikk!

Danseopprinet var godt innøvd, og dei skifta formasjonar under heile paraden.

Foto: Hans Faye



Stas å opptre for konge og dronning.

Foto: Terje Riber

Takk!

Som Bokn kommune sin kommunekontakt til Stavanger08 vil eg retta ein stor takk til samarbeidspartnarane Wendy/Terje Riber/Marjorie Herbert og Odd Grønnestad. Spesiell takk til Øyvind Børgesen, Wolfgang B. Ognøy og Venevil Birkelund for forsterkning av trommestaben. Og ikkje minst til Trond Nedrebø som køyrde den eine bussen, og som brukte heile dagen saman med oss i Stavanger.

TV-sending

Bokn sitt paradeinntog viste også godt igjen i NRK si over to timar lange direkte-sending frå opningsdagen. www.bokn.no har lenke til denne sendinga. [Web-sida](#) har også oppretta eit bildealbum frå opningsfesten.

Stolte

Det har ikkje mangla på gode tilbakemeldingar etter bragden i paraden. Frå Stavanger i sør til Haugesund i nord har det vanka mykje ros, både frå folk som så det på TV og ikkje minst frå stolte boknarar som fekk oppleva stemninga i Stavanger. Ein som stod langs ruta var ordførar Kyrre Lindanger, som m.a. takka for ein framifrå innsats og stor Bokn-reklame.

Nyskapande

er eit stikkord for Stavanger08, saman med ord som **samarbeidsprosjekt** og **kulturelt mangfold**. Bokn sitt innslag var heilt i tråd med desse intensjonane. Korpset og danseklubben samarbeida og skapte noko nytt som m.a. styrkar samhaldet mellom desse kulturkreftene. I motsetning til mange andre kommunar, som fokuserte mykje på historiske hendingar, valte Bokn å representera den moderne tid og laga eit latino-show.

Dessutan har Bokn nå eit festleg og fargerikt innslag som kan brukast i ulike samanheng i tida framover, både inne og ute - i og utafor kommunen.



Fv. Ragnhild Steinsvik, Anita Lønning, Asbjørn Kvinnesland, Terje Riber og Anne Mette Jøsang danna baktroppen.

Foto: Ragna Alvestad

Apropos **musikalsk kick**, som blei nemnt tidlegare; for musikkinteresserte rogalendingar var det ei spesiell oppleving då **Morten Abel** framførte **Tore Tang** frå festbyen seinare på kvelden, eit stort punktum for ein minnerik folkefest.

Al Gore sitt arbeid gir optimisme i Bokn Plast

Reidar Alvestad

Mykje skjer hos Bokn Plast for tida. Optimismen skuldast ikkje minst innafor vindkraft, kor fredsprisvinnaren Al Gore er ein god talsmann for fornybar energi når han marknadsfører forskningsresultata frå FN sitt klimapanel.

til vindkraftbransjen.

Bedriftene har for tida ein god posisjon både når det gjeld tankproduksjon og produkt til offshoremarknaden. Det er gode oljeprisar som gir høg aktivitet. Fornybar energi-



Her ser ein området kor det er gravd og sprengt for ny hall. Me ser også litt av nåverande produksjonshallar hos High Comp i sør og hallane nord i Føresvik.

Samanslåingar og utvikling

Bokn Plast har nå slått seg nå saman med Vestfold Plast-industri (VPI), og til saman er dei nå ei bedrift som i 2008 forventast å få ei omsetjing på 140 mill kroner. I tillegg er dei med på ei ny etablering av ei bedrift i Tunis som skal produsera tankar for Midtausten.

Frå før er firmaet High Comp etablert ved sida av Bokn Plast. Eit nytt firma kalla Clean Energy Composite er også etablert i Bokn, og vil ta seg av produksjon innafor vindkraft. Dagleg leiar Helge Rasmussen seier til Bygdabladet at han har god tru på framtida innafor vindkraftsektoren, både til lands og til havs.

Leiing for dei samanslåtte bedriftene er i første omgang delt mellom dei respektive stadene. I Bokn er Jan Inge Surnevik operativ leiar.

Eigedomsselskap

Bokn Industri Eiendom (BIE) er også ei bedrift som Helge Rasmussen (**bildet**) er involvert i. Det er 100% eigd av holdingselskapet Helge Rasmussen Holding (HRH). Helge Rasmussen seier at her kan det vera muleg å ta med lokale aktørar på eigarsida av dette selskapet som ynskjer å vera med på å investera i eigedom.



Ny storhall

Bokn Plast har nå starta opp med grave- og sprengingsarbeid til det som skal bli ein ny stor produksjonshall. Denne ligg nord for den store hallen kor High Comp produserer sine konstruksjonar. Ein stor haug med masse ligg på den nye tomta. Mykje av dette blir nytta til utfylling i sjøen i det same området. Den nye hallen vil sannsynlegvis bli over 1000 m², og såleis like stor eller større enn nåverande hall i sør. Hallen vil bli ferdigstilt tidleg i haust. Då vil det også bli rydda og ferdigstilt rundt omkring på byggeområdet.

Høg aktivitet

Helge Rasmussen ser lyst på framtida for bedriftene og samanslåinga med VPI i Vestfold. Samanslåinga vil trygga bedriftene, og dei er store både i norsk og nordisk samanheng. I det nye selskapet vil dei m.a. ha produksjon og ha utviklingsarbeid og tenester innafor ulike composit-produkt

produksjon er høgaktuelt, og dermed produksjon av element som kan nyttast innafor vindkraft. Høge kraftprisar i Europa set press på og gir etterspørsel etter meir fornybar energi.

Bedriftene har god ordremasse. Dei veks innafor tankproduksjonen, og det er ein forventa vekst innafor offshore i 2009/2010. Ambisjonen er også å veksa innafor vindkraft.

Mangel på arbeidskraft

Bedrifta har nå i lengre tid hatt mangel på arbeidskraft. Slik er det framleis. Dei manglar også husvære for folk som vil jobba i bedrifta, helst så sentralt som muleg.

Godt samarbeid

Helge Rasmussen rosar kommunen for godt samarbeid med bedrifta. Dei føler også at dei har gode forhold til befolkninga elles, og at innbyggjarane er positive til bedrifta. Elles har dei ein positiv og omstillingsvillig stab som gjer det muleg å utvikla bedrifta vidare. Dei håpar på vidare ekspansjon.

På litt sikt har bedrifta tankar om å konsentrera seg om rein tankproduksjon nede i sjølv Føresvik, slik det var før 1992. Det er ikkje å koma bort frå at dei store offshore-konstruksjonane her nede har bydd på ein del sjenanse i dette området.

Polske produksjonsarbeidarar

To unge polske familiar er rett over nyttår flytte til Bokn. Dei to foreldrepara har jobb på High Comp som er ein eigen avdeling av Bokn Plast.

Ikkje noko rush av polakkar

Rekneskapsansvarleg Ann Jeanette Olaussen i Bokn Plast som er den som har hatt ansvaret for oppfølging og tilrettelegging for polakkane, seier til Bygdabladet at nå må dei først prøva å leggja tilhøva til rette for dei to familiene som alt er komne hit, før dei tar inn nye.

Det eine paret har eit mindreårig barn med seg, det andre har to barn i Polen som dei vil henta til Bokn til våren.

Fleire tiltak som språkopplæring og barnehageplass må ordnast i rimeleg nær framtid dersom familiene skal få ein god integreringsprosess i Norge. Det har også vore problem med å få tak i husvære, men dette er i første omgang ordna. Dersom det går greit for desse første para, kan det etter kvart bli andre som vil prøva seg.

Godt nytt år frå ordføraren

Her er ordførar Kyrre Lindanger sin nyttårstale i kyrkja 31.12.07

Kjære kyrkjelyd

Me er samla her i dag for mellom anna å markera avslutninga på året som har gått. Det er tid for å oppsummera, reflektera og gjera opp status for 2007, justera kursen litt i høve til fortida og forsøka å spå litt om framtida og setta oss nye mål.

I vårt strev etter å stadig skaffa oss nye ting, etter å stadig skaffa oss eit betre og meir komfortabelt liv og spandera på oss dei heilt store opplevingane, går livet jamnt og trutt med sine store og små begivenheter utan at me er heilt tilstades. Me gløymer å vera tilstades mens me planlegg og førebur det komplette tilveret. Me er der nok reint fysisk, ja, men er me egentleg tilstades? Er fokuset der det bør vera?

Eg trur me alle kjenner oss igjen i dette; langt der framme ein stad ligg mållinja, og når me berre passerar denne, er tilveret komplett og ringen slutta. Då har me lagt ny parkett i stova, satt opp dei siste listene i kjellarstova (som har venta på monterings dei siste 12 åra) då har me skaffa oss hytte på fjellet, bygd ut kjøkkenet, asfaltert resten av oppkjørselen, bygd eit lysthus i hagen, kjøpt flatskjerm, rydda i kjellaren og lagd eit perfekt ringpermsystem som held orden på betalte reknningar.

Når berre alt dette er på plass kan me lena oss tilbake og konstatera at me er i mål. Og då er tanken at me kan bruka all vår fritid på barn og familie, for då er tross alt dei materielle rammene på plass.

For vanlege lønsmottakarar vil det ta tid å fullføra ambisjonane om eit komplett tilvere der alle brikkene ligg sirlig på plass. Og når me fyrst er komne der, er barna blitt store.

Eg har tru på at det er viktig å vera til stades, både fysisk og mentalt, for familien, og spesielt for barna under heile oppveksten. Dette er ein periode i livet som går fort og som du ikkje får att. Dette er det nok ein del som har oppdaga for seint. Eg er sjølv eit produkt av vår samtid og har til tider vore fanga av framtdisvisjonane mine; alt eg skal planlegga og fullføra slik at eg, til slutt, kan frigjera tid og energi til familien min.

Men undervegs har eg kome til eit punkt der eg har erkjent at det kan



vera meir hensiktsmessig å fri meg sjølv frå tanken om det fullkomne, materielle tilveret og heller våga å ta ein dag om gangen slik at eg mellom anna kan ta meir del i barna sitt univers og samtidig leita fram barnet i meg sjølv slik at samveret med barna blir optimal. For kor mykje kjekkare blir det vel ikkje for dei små viss den elles så formanande, rasjonelle og snusfornuftige faderen kan fri seg frå voksenverdenens føringar og vilkår og heller kasta seg utan vilkår ut i barna sitt eventyrlege univers og ta del i ein verden som du sjølv har vore ein del av for mange år sidan?

I denne erkjenninga ligg det også ein tanke om å ta vare på dei små opplevingane saman med barna for å skapa gode minner. Når eg tenker tilbake på barndommen hugsar eg at det var stort å reisa til Legoland, Kongeparken og Dyreparken. Forventningane var høge og eg såg fram til desse reisene lang tid i forvegen.

Men dei minnene frå barndommen som står sterkest hjå meg i dag, er likevel dei små, trivielle og tilsynelatande ubetydelege hendingane. Slik som til dømes å finna ein kinderegg-figur langs vegen, eller å få sitja i lastebilen til Sigmund når han kjørte ut grus, eller å få vera med far når han skulle ut og fiska. Og slik trur eg det er; barn er i utgangspunktet ikkje kravstore. Dei viktige opplevingane i barns liv kan likegodt finne stad rett utføre inn-gangsdøra.

Eg trur mange vaksne har vanskeleg for å slå seg til ro med denne påstanden. Me ynskjer at barna skal få alle dei opplevingane som me sjølv kanskje ikkje fekk, me vil investera litt av vår velstand i grandiose opplevingar for våre håpefulle, og samstundes vil me sjølv leva litt gjennom barna i Legoland og Dyreparken.

Og dette er sjølvsagt vel og bra, men det er ikkje sikkert det er dei kommersielle, stråmlinjeforma og sterile temaparkane som er avgjerande for at dei små skal bli lukkelege og sitja tilbake med gode minner. Slike reiser

kan vera eit godt supplement, men kan aldri erstatta at mor og far var tilstades i barndommen, og vil sannsynlegvis heller ikkje vera avgjerande for barnas totaloppleving av barndommen.

Ber du folk fortelja frå barndommen sin, får ein ofte servert kvardagshistoriar om dei små og nære ting som viser seg å ha satt djupe spor. Historiar om opplevingar som framstod som trivielle for dei vaksne, men som kanskje har blitt eit viktig og kjærte barndomsminne for den det gjaldt. Og sannsynlegvis vil mor og far, eller besteforeldre, tanter og onklar, for den saks skyld, vera ein del av dette minnet.

Det er eit privilegium å få vera ein del av det viktigaste barndomsminnet til poden!

Eg las ein gang eit intervju med ein ung mann som fortalte at dei viktigaste barndomsminnene hans, var alle timane han tilbrakte framføre Commodore 64-en på gutterommet. Sannsynlegvis hadde han nok mange andre gode minner og, men eg syntes likevel det var litt trist å lesa dette. Hans oppsummering av barndommen kunne kanskje vore meir fargerik og samansatt enn dette viss dei vaksne rundt han var meir til stades og la til rette for dei gode opplevingane.

Gå inn i det nye året som ein tilretteleggar for dei gode opplevingane for barn eller barnebarn - opplevingar som skal vera fundamentet for dei gode minnene. Bruk meir tid saman med dei små, legg til rette, set deg inn i deira tenkesett og skap dei gode minnene saman med dei.

Eg trur dette kan vera ei god investering, både for deg sjølv og for omgjevnadane, og du vil definitivt ikkje angra!

Ha eit riktig godt og minnerikt, nytt år.

Ordføraren



Vedtatte kommunale avgifter

Kommunale avgifter	2 007		2 008	2008
(sats pr. år der ikkje anna er oppgitt)	netto	endring	netto	(inkl. mva)
Slamavgift	494	5 %	519	649
½ slamavgift	247	5 %	260	324
¼ slamavgift	129	5 %	135	169
½ slamavgift 8m3 tank	350	5 %	368	460
Slamavgift 12m3 tank	700	5 %	735	919
Slamavgift 6m3 tank	453	5 %	476	595
Slamtømming utanom ordinære tømmerutiner			0	
Feiing 1 pipe (pr. feiing)	216	5 %	227	284
Feiing 2 piper (pr. feiing)	432	5 %	453	566
Renovasjonsavgift	1 699	4 %	1 767	2209
Hytte renovasjon	849	4 %	883	1104
Kloakkavgift inntil 250	1 860	5 %	1 953	2441
Kloakkavgift Hytte	927	5 %	973	1216
Tilknytningsavgift kloakk	20 000		20 000	25000
Tilknytningsavgift vann	20 000		20 000	25000
vannavgift bolig	2 598	5 %	2 728	3410
Vannavgift gardsbruk	4 158	5 %	4 366	5457
Vannavgift hytte	1 296	5 %	1 361	1701
innstallasjon av vannmålar	520	5 %	546	683
Fast abn.gebyr vatn (vannmålar)	1 009	5 %	1 059	1324
Forbruksgebyr vatn pr.kbm	6	5 %	6	8
Leige av vannmålar tom 25mm	260	5 %	273	341
Leige av vannmålar 25-50mm	520	5 %	546	683
Leige av vannmålar 51-150mm	936	5 %	983	1229
Leige av vannmålar større enn 150mm	4 160	5 %	4 368	5460
Saksbehandling	2 007	endring	2 008	(ingen mva)
Oppmålingsgebyr (Tysvær gebyr +5%)				
<i>Kart og delingsforretning ved grensejustering</i>				
0-300m2	3 422	5 %	3 593	
301-1000m2	5 745	5 %	6 032	
1001-2000	7 956	5 %	8 354	
<i>Kart og delingsforretning utbygging</i>		5 %	0	
0-2000m2	9 504	5 %	9 979	
2001-4000m2	11 935	5 %	12 532	
4001-6000m2	14 146	5 %	14 853	
6001-8000m2	16 356	5 %	17 174	
8001-10000m2	18 567	5 %	19 495	
Areal over 10da, tillegg pr. påbegynt da	213	5 %	224	
<i>Kartforretning over grenser</i>				
sidelengd 0-50,00 m	2 760	5 %	2 898	
sidelengd 50,01- 100 m	4 640	5 %	4 872	
sidelengd over 100m, tillegg pr. 100m	2 318	5 %	2 434	
Antal grensepunkt - inntil 2	4 087	5 %	4 291	
antal grensepunkt - inntil 3	4 967	5 %	5 215	
grensepåvisning - inntil 2 grensepunkt	2 760	5 %	2 898	
grensepåvisning - inntil 3 grensepunkt	3 244	5 %	3 406	
Antal grensepunkt - tillegg pr.punkt over 3	598	5 %	628	
Kartforr. Over punktfeste m/merking/oppmåling	5 080	5 %	5 334	
Kartforr. Over punktfeste u/merking/oppmåling	2 760	5 %	2 898	
Gebyr for mellombels forretning	1 117	5 %	1 173	

I enkelte saker kan gebyret bli redusert, dette er spesifisert i gebyrreglementet for teknisk.

og eigenandelar for 2008

Registreringsbrev				
Tinglysingsgebyr				
Tomt				
		endring	2 008	(ingen mva)
Gebyr for byggesaker				
Hytte/fritidsbolig	2 060		3 000	
Hytte/fritidsbolig-tilbygg som krever byggetill.	1 236		1 500	
Bustadhus	0		0	
§81 Driftbygninger i landbruket med husdyrrom	1 236		1 390	
Landbruksgarasje	824		1 390	
§85 Midlertidige eller transportable bygninger eller anlegg, herunder campingvogner	824		1 390	
§86a Mindre byggearbeid på bolig eller fritidseiendom	824		1 390	
Garasje og uthus, naust redskapshus som krever byggetillatelse	1 236		1 390	
Nybygg med bruksformål industri, forretning, kontor, lager, off bygg mv.	4 120		3 000	
Tilbygg til andre bygg som krever byggetill.	2 060		1 390	
Alle tiltak som omfattes av lovens § 84 og 93 og som ikke fanges opp av andre punkter i regulativet	618		1 390	
Enkle tiltak	75% av ord.gebyr		75% av ord. gebyr	
Fradeling	824		1 390	
Bruksendring	824		1 390	
Saksbehandling knyttet til bruksendrings-spørsmål. Behandling av bygningsmessige forandringer faktureres separat.	824		1 390	
Behandling og godkjenning av ansvarsrett for foretak med sentral godkjenning	206		206	
Godkjenning av foretak uten sentral godkj.	618		618	
Private reguleringsplaner, vesentlige reguleringsendringer og bebyggelsesplaner. Annonsekostnader er ikke medregnet.	10 300		10 300	
Mindre vesentlig reguleringsendring	4 120		4 250	
Tiltak som krever dispensasjon	3 090		3 180	
Beh. av utslipssaker/rehab. av anlegg	824		1 390	
Dokumentavgift	0		0	
Bygdablad	2 007		2 008	2007
	netto		netto	(inkl. mva)
Abonnement	325		325	
Annonse: 1/8 side	100		100	125
Annonse: halvside	300		300	375
Annonse: heilside	500		500	625
Annonse: kvartside	150		150	187,5
Fastann.etter avtale	500		500	625
Fastann.etter avtale	1 000		1 000	1250
Privatannonse	50		50	62,5

Framhald på neste side

Vedtatte kommunale avgifter

Barnehage				
11 betalingsterminar satsar vert evt.justert 1.8 ihht sentrale vedtak	2 007	endring	2 008	ingen mva
Heildag - 5 dg/veke	2 330		2 330	
Heildag - 3 dg/veke	1 398		1 398	
Heildag - 2 dg/veke	932		932	
Kost 5dg/veke	175		175	
Kost 3 dg/veke	105		105	
Kost 2 dg/veke	70		70	
Diverse sal				
	2 007	endring	2 008	ingen mva
Bygdabok pr. bind.	450		450	
CD v/Spurkeland	150		150	
Boknaspenna nål / smykke	1 100,- /1.400,-		1 100 / 1.400	
Krus	75		75	
Haug og heidi / Boknakyrkja (hefter)	50		50	
Kopiar svart/kvit ant.1-100	2,0		0,50	
Kopiar svart/kvit ant.101-xxxx	0,3		0,30	
Kopiar farge ant. 1-100	5,0		2,00	
Kopiar farge ant. 101-xxxx	5,0		1,50	
Plastlaminering			10,00	
Musikkskulen				
	2 007	endring	2 008	ingen mva
Aspirantopplæring	499		499	
Einetime (22,5 min)	624		624	
Einetime (30 min.)	936		936	
Einetime (halv tid)	416		416	
Instrumentalgrupper	645		645	
Instrumentleige	229		229	
Kor,leikarring,drama	499		499	
Søskenmoderasjon 30% på rimelegaste aktivitet.				
Søskenmoderasjon barnehage 50% (på rimelegaste tilbud)				
Søskenmoderasjon SFO 30% (på rimelegaste tilbud / også i kombinasjon med barnehage)				
SFO				
10 betalingsterminar	2 007	endring	2 008	ingen mva
Heil plass skuledagar	1 699		1 699	
Heil plass skuledagar + skulefridagar	2 424		2 424	
Skulefridagar	804		804	
5 dg/u. Før skulestart	454		454	
5 dg/u Frå skuleslutt til 1410	520		520	
5 dg/u Frå 1410 til 1630	909		909	
3 dg/u. Før skulestart	273		273	
3 dg/u Frå skuleslutt til 1630	545		545	
2 dg/u. Før skulestart	181		181	
2 dg/u Frå skuleslutt til 1630	364		364	
Frukost alle dagar	156		156	
Frukt alle dagar	74		0	

og eigenandelar for 2008

Pleie og omsorg				
	2 008		2 008	ingen mva
Opphald og hjelp i heimen fylgjer dei maksimalsatsane som Stortinget vedtar.		Maksimalt vederlag pr. år		
Kostnad pr. liggedøgn iflg.rekneskap 2005 (forutsetning for vederlagsberekninga)	1 066		1 066	
Dag/natt opphald	59	0 %	59	
Døgn opphald	118	0 %	118	
Heimehjelp timar inntil 2 G	36	1 800,00	38	
Heimehjelp timar 2G-3G	42	6.000,00	44	
Heimehjelp timar over 3G	60	9.000,00	62	
Middag	50		50	
Middag dagsenteret	50		50	
Husleigeinntekter				
Husleiga på kommunale bustader vert indeksregulert 1. okt. med konsumprisindeksen				
Husleiga på omsorgsbustader er vedtatt uforandra inntil vidare.				

Digitalovergangen

Jardar Havikbotn

4. mars stenger det gamle analoge TV-nettet i Rogaland., og dei som tar inn TV-signal via vanleg antenne må skaffa seg ein digital TV-dekoder (mottakar) til kvart TV-apparat innan denne dagen.

Har du ikkje parabol eller kabel-TV og vil unngå svarte fjernsynsskjermer fyrste tysdagen i årets tredje månad, må du altså ut og handla. Dvs. det er ikkje berre hos radio/TV-forhandlarane du får kjøpt boksane. Du kan også kjøpa det som skal til frå godstolen heime, enten frå internett eller telefon. Gå i tilfelle inn på RiksTVsine sider eller ring kundesenteret deira; 09595

Berre NRK eller Betal-TV

Heile NRK sitt programtilbod, TV-kanalane NRK1, NRK 2 og NRK3 (ny barnekanal) samt 13 radiokanalar er fritt tilgjengelig i bakkenettet. RiksTV tilbyr også betal-TV-pakkar. Dette kan interesserte få nærmare informasjon om på nemnde webside. Der får ein m. a. veta at abonnentar på RiksPakken får 70% rabatt på boks nr. 2 t.o.m. nr. 6.

Du treng ikkje kjøpa deg ny TV, med mindre du vil ha fjernsyn med integrert bakkenett-dekoder. For å ta inn det digitale bakkenettet treng du ei UHF-antenne og ein dekode godkjent av NTV (Norges Televisjon). Som kjent er det svært gode forhold på Bokn, og du treng som regel ikkje meir enn ei bord/inne-antenne for å få den digitale tv-kvardagen inn i huset.

For meir informasjon om digital-tv med vanleg antenne, sjå **NTV si nettside**.

Ikkje vent for lenge

Dersom du skal skaffa deg RiksTV bør du ikkje venta til siste liten. Då havnar du i lange køar i butikkane.

Kommunikasjonsdirektør Svein Ove Søreide i RiksTV rådar folk til å ordna seg digital-TV nå. RiksTV har allerede passert 100.000 kunder, og salet er så stort at selskapet passerte 110.000 kunder i slutten av veke 6.

Søreide opplyser til NTB at det er rikeleg med mottakarar tilgjengeleg hos RiksTV sine 900 forhandlarar. Til nå er seks forskjellige mottakarar og ni flat-skjermer med innebygd mottakar godkjende for det digitale bakkenettet.

25. august 2006 blei UHF-antenna, som gjer at du kan ta inn digitale TV-signal, montert på toppen av masta.



Høstjakt i Rendalen

Hans Faye

Unset, ei lita bygd nord i Rendalen var reisemålet for 5 hjortejegere fra Karmøy og Bokn den første uka i oktober i fjor. Med på jaktlaget var også en kokk fra Tysvær som skulle sørge for at indrefiletten ble riktig stekt....

melder over radioen at drevet er i gang. Det meldes snart over jaktradioen om ferske spor, kanskje 4-5 elger i flokk. Alle sanser skjerpes hos vestlandsjegerne. Sporene følges i flere timer, men fjellelgen lurte både jegere og hunder denne dagen.



Planlegging foran jakthytta.

Som gjestejegere skulle vi være med å jakte etter fjellelgen langt utenfor allfarvei i en del av Norge som kanskje ikke er kjent for de fleste. På 40.000 mål med skog, reinlavkledde vidder og store myrer skulle vi spore elg. Et område nesten like stort som hele Bokn.

Men i dette terrenget finner selv ikke en dyktig jeger elgen uten hjelp av hundens skarpe nese og hørsel. Vi hadde ikke mindre enn 5 elghunder med oss. Loke, en erfaren elghund med mange elgfall på samvittigheten var sjefen sammen med "samboeren Linn". Begge er foreldre til Gorm og Berglund som deltok på elgjakt for første gang. Rex var femtemann i hundekoplet. Det skulle ikke bli lett for "skogens konge" å lure seg vekk....

Sosialt jegerliv

Søvollen heter setra som vi bodde på. Her hvilte vi ut etter lange turer over Stormyra og Langmyra, Kletten og Gråfjell. Dagens jaktopplevelser ble gjenfortalt og kokkens deilige mat fortært med "noko attåt". Når lokale jegere gjesta stua og fortalte historier om ulv og bjørn som ferdes nær setra vår, ble det spennende kvelder rundt stearinlys og peisbål. Bare noen dager før vi kom til Søvollen satt en harejeger på post og opplevde at hunden kom halsende mot han med en ulv hakk i hel. Heldigvis berget han hunden.

På vei til en av elgpostene passerte vi en dag en liten dyrket mark i skogkanten hvor det fremdeles lå sauekadaver etter bjørnen sine herjinger. Rovdyra var tilsynelatende ikke langt unna.

De største forventningene om elgfall hadde vi nok den første jakt dagen. Lokale jegere sørget for å berette om "godt med elg" og store okser var observert. Ikke rart vi var spente.

Nøye planlegging

Oppgavene ble fordelt på setertunet etter en nøye planlegging av poster og hundedrev. Rundt oss ventet elghundene utålmodig på å komme i gang. De lukket jo elgen der ute... Spenningsnivået er høyt hos både posteringsjegeren og hundeførere når jaktleder

Vi måtte nøye oss med gamle jakthistorier rundt kaffebålet i furuskogen mens baconskivene krøllet seg i steikepanna. Elgjeherens meny ved bålet er gjerne en god brødiskive med meierismør og flekk dynket med steikefett. Skikkelig helsekost...

For elgjegerne på Søvollen starter jakt dagen grytidlig. Morgenstellet gjøres unna i bekken som renner gjennom setertunet, men når gradestokken viser minus er du rask på "badet" og lys våken når kokken serverer frokost ved 7-tida.

Elgoksen

Erfarne jegere meldte om ideelle forhold den neste jakt dagen og drevet ble planlagt i et "sikkert" område ved foten av Kletten, et vakkert fjellparti midt i jakt terrenget. Alle postene ble strategisk plassert i kanten av store myrer. Rex og Linn fikk jobben som bandhunder og skulle spore opp elgen.

Etter en liten time meldte hundefører over jaktradioen om ferske spor og spenningen steg på postene når meldingen gikk ut på at det kanskje var storelgen de hadde foran seg. Likevel gikk det timer gikk uten at elgen eksponerte seg på noen av postene, men hundene hadde fortsatt ferske spor



Speiding over Stormyra.

foran seg så drevet ble ikke avsluttet.

Plutselig brytes stillheten av skudd i skogen, ett til og ett til. Over radioen kommer beskjed om at det er felt en stor okse! Endelig hadde vi lykket! Hundene ivrer etter å komme frem til elgen som ligger død i kanten av myra. De skal ha sin del av byttet i form av heftig napping i pelsen.



Det er typisk at elghundene river hår av elgen når jakta er slutt. Her er det Loke som "herjer" med byttet sitt.

Foto: Fredrik Faye

En hjortejeger er vant til å dra byttet med seg i en taustump, men du flytter ikke en elgokse på samme måten. En 6 hjuls ATW måtte til for å frakte byttet til kjørbær veg. Elgoksen viste seg å veie 250 kg slaktevekt og ble betraktet som storokse på Unset. Ikke rart vi var litt stolte den dagen. Lukten av Cubanske sigarer lå over Søvollen mens månen lyste bak store granlegger..

Naturopplevelser i kø

For hjortejegere fra havgapet i vest er det ikke bare jakten etter elgen som er spennende i fjellheimen rundt Søvollen. Tiur og røy flakser ofte opp i storskogen her og rypene trykker så lenge i vier og kratt at du nesten kan fange de med hendene. Lavskrike, en liten kråkefugl med karakteristiske rødorange

tegninger, er svært nysgjerrig og besøkte oss ofte på elgposten. Den er så tillitsfull at den nesten spiser smuler av hånden.

Harepus dukket av og til opp i sin nye fine vinterpels, og over grantoppene svevet hønehauken etter byttet. Spor etter bamsefar fant vi i urskogen der han hadde revet i gamle furustubber på leit etter larver og mark.

Det ble en ny jakt dag uten elgfall, men en av postjegerne hadde elg på kornet uten at det ble skuddsjanse. Bare elghodet viste seg bak granleggen og da skyter ikke en erfaren jeger.. Likevel, en spennende opplevelse i granskogen med høy puls og dirrende pekefinger på avtrekkeren.

Hver dag starter med blanke ark og nye sjanser og vi er optimister. Et nytt område skal sjekkes ut og vi blir plassert på kjente poster som "Bøylen" og "Uglå". Her dukker elgen alltid opp, forteller lokale jegere.

Kalv

Gorm og Rex er bandhunder i dag, det er vindstille og lytt i skogen. Elgen har alle odds og hører oss på lange avstander.

Men Rex og Gorm finner ferske spor og vi følger etter over Stormyra, langs bekkedrag og over furumoer. Plutselig smeller det i skogen. Hva skjedde? Fra "Bøylen" melder postjeger over radioen at han har felt en kalv.

På nytt har vi lykket etter nøye planlegging og timer på drev med hundene.

Å skyte storvilt kan være en selsom opplevelse selv for erfarne jegere. Kalven som ble skutt kom mot jegeren og stanset bare 15 m unna og kikket med store øyne på han før den falt om.

Hvorfor gjorde du nå dette, tenkte den kanskje?

Det ble ikke flere elgfall på oss, men du verden for en flott naturopplevelse i kontakt med mektig natur, fugler og vilt, og ikke forglemme møtet med trauste rendølinger med sin flotte dialekt og gode humør.

En opplevelse som er god å ha med i sekken i mørke vintermåneder.

Ottar, Ståle, Halvor, Fredrik, Jan og Hans

Jaktstatistikk

Hans Faye

Av en samlet kvote på 30 hjort i Bokn i 2007 ble det felt 26 dyr (86%), hvorav 9 var bukker, 9 koller og 8 kalver.

Slaktevekten var til sammen 1480 kg. Jegerne brukte 280 jakttimer for å felle 26 hjorter som tilsvarer nesten 8 ukers arbeid for 1 person....

Fellingsstatistikk siste 5 år:

2003 - Felt 21 dyr
2004 - Felt 19 dyr
2005 - Felt 26 dyr
2006 - Felt 27 dyr
2007 - Felt 26 dyr

I samme periode er det registrert 12 hjort som er påkjørt og drept langs riksvegen. I tillegg har det vært meldt om påkjørte dyr som ikke er funnet.



Bokn Idrettslag fekk stipend på 20.000

Reidar Alvestad

Ved ei tilstelning i administrasjonslokala til det nye gasskraftverket på Kårstø den 17. desember, delte Naturkraft ut 5 stipend til ulike lag og organisasjonar i distriktet.

100.000 kroner til utdeling årleg

Stipendordninga vart annonsert i sommar, og informasjonssjef Geir Fuglseth i Naturkraft seier at dei fekk inn bra med søknader, og stor breidde i type søknader. Medlemmer i juryen har vore kultursjef Ingvar Frøyland frå Tysvær kommune og idrettssjef Kjell einar Bergsaker frå Haugesund kommune.

Naturkraft ynskjer med utdelinga å bidra til trivsel i lokalmiljøet i Haugesundregionen gjennom å motivera og inspirera alle engasjerte enkeltpersonar og organisasjonar. Fondet som er oppretta kallast Naturfondet, og skal årleg dela ut stipend til organisasjonar og enkeltpersonar i lokalmiljøet.

I år valde juryen ut 5 organisasjonar eller tiltak som kvar fekk ein sjekk på 20.000 kroner pluss diplom. Desse var:

Bokn Idrettslag

Tysvær Kano og Kajakklubb
Haugaland TaeKwonDo Klubb
Vormedal Barneteater
Tysvær Skulekorps

Fint arrangement

Utdelinga fann stad den 17. desember kl. 17.00 i Naturkraft sine lokaler ved gasskraftverket på Kårstø. Informasjonssjef i Naturkraft på Kårstø, Geir Fuglstad stod for utdelinga. Alle organisasjonane var møtt fram med 2 representantar kvar.

Frå Bokn Idrettslag var det leiar Arne Hosaas og nestleiar Bottolf Knutsen som tok imot sjekken på 20.000 kroner og diplom. Alle organisasjonane takka for stipendet og hadde



Leiar i Bokn idrettslag Arne Hosaas og nestleiar Bottolf Knutsen viser fram gavesjekk og diplom.

flust med oppgaver og utstyr som midlane skulle nyttast til. Før stipendutdelinga vart det servert snittar og orientert om stipendet og om gasskraftverket si drift.

Omvising

Dei som ynskte det fekk etter stipendutdelinga ei omvising på kraftverket som vart sett i kommersiell drift den 14. desember.

Kraftverket har ein årleg produksjonsevne på opp mot 3,5 TWh (milliardar kilowattimar). Dette tilsvarar straumforbruket til 175.000 husstandar eller ca 3% av landet sin totale produksjonskapasitet.

Gir ikkje opp

Jardar Havikbotn


Bokn skyttarlag fekk avslag på søknadene om spelemidlar til skytebanen i Tverrdalen på Gunnarstad i 2005 og 2006. Nå søker dei igjen, til ein mindre bane.

Leiar i Skyttarlaget, Edgar Våge, seier til Bygdabladet at dei har droppa planane om å bygga ein bane til ein million kroner, og satsar heller på ein til under halve prisen, etter mal frå skytebanen i Nedstrand, der laget har vore på befaring. I følge Edgar er det planlagde anlegget fullt brukbart til deira bruk, og det skal også vera enklare å få spelemidlar til ein slik bane.

Banen vil framleis vera på 100 m, men nå søker dei om støtte til færre elektroniske skiver og mindre standplass. Det er laga ein avtale med grunneigar om å disponera området i minst 40 år. Området er regulert inn i gjeldande kommuneplan, og ligg også i prioritert handlingsplan i Kommunedelplan for idrett og friluftsliv.

Anlegg til under 500.000

Søknadssummen til Kultur- og kyrkjedepartementet er på kr. 150.000. Bokn skyttarlag håpar på same sum frå Bokn kommune, og bidrag også sjølv med 150.000 i form av eigenkapital og dugnad. Med forbehold om positivt kommune-



Snitt frå kommuneplanen sin kartverksdel.

styrevedtak og innvilga søknad om spelemidlar, kan Skyttarlaget bokstaveleg talt få ein ny vår i 2008.

P.g.a. nye og innskjerpa reglar til ein skytebane kan ikkje den eksisterande brukast, og dersom dei ikkje får bygga ny bane kan det bety slutten for Bokn skyttarlag, avsluttar Edgar Våge.



Minnestein for bortkomne på havet

Reidar Alvestad

På årets siste dag i 2007 vart det innvia ein minnestein på den eldste delen av kyrkjegarden ved Bokn kyrkje.

Steinen står rett til venstre innafor porten. Eigentleg er det ein litt større stein med inskripsjon, og to mindre. I inskripsjonen står denne teksten: *Til minne om dei som er komne bort på havet.*

Innspel frå Bygdeboknemnda

Det var den forrige Bygdeboknemnda i Bokn som ovafor soknerådet lanserte spørsmålet om å setja opp ein minnestein for dei som er komne bort på havet. Bokn har alltid vore ein kommune med sterk tilknytning til havet. Svært mange har i uminnelege tider hatt sitt utkomme frå fiske og sjøfart, i tillegg til at det alltid tidlegare har vore nødvendig å reisa i båt for å koma ut av kommunen, i tillegg til kommunikasjon mellom dei tre bebudde øyane. Opp gjennom tidene har det vore fleire tilfelle der folk har kome bort på havet. Spørsmålet om minnestein har vore tema i dei to siste sokneråda. Det vart sett ned ei nemnd som arbeidde med saka. Mellom anna vart det tatt kontakt med Kunstakademiet



Minnesteinen er innpakka i eit nett og er klar til klar til å lastast opp i båten til Leiv Våga i bakgrunnen. Leiar i soknerådet Bernhard Våge t.h. var ein av soknerådet sin dugnads-gjeng.

Foto: Andreas Våge

i Stavanger som sette soknerådet i kontakt med kunstnaren Bernhard Østebø i Haugesund. Han har sidan kome med ulike utkast både til plassering og til korleis dette kunne gjerast. Til slutt var det fleirtal for eit utkast med ein litt større stein med inskripsjon på ei plate, pluss to mindre steinar framføre.



Frå v. kunstnar Bernhard Østebø, ordførar Kyrre Lindanger og sokneprest Arne Aurdal bak minnesteinen.

Innviingsseremoni

Innviinga av steinen skjedde ved ei lita, men høgtideleg stund etter Nyttårgudstenesta 31. desember. Til stades var både ordførar Kyrre Lindanger, kunstnar Bernhard Østebø og sokneprest Arne Aurdal som sto for avduking og nedlegging av blomar ved minnesteinen. Eit vers av "Deilig av jorden" vart sunge før og eit etter innviinga av steinen.

Symbolikk

Kunstnar Bernhard Østebø sa litt om prosessen med å finna ut korleis minnesteinen skulle sjå ut. Minnesmerket måtte passa inn der han skulle plasserast og i heile miljøet på den gamle kyrkjegarden. Minnesteinen er funne i stranda ikkje langt frå Arsvågen, og grunneigar Sigbjørn Ørjansen har vore positiv.

Bernhard Østebø meinte at steinane og plasseringa kunne gi ein symbolikk av å vera øyar i havet. Nokre vil kanhenda seia det er dei tre bebudde øyane i Bokn, og andre kan ha andre tolkingar.

Tomme for ord

Eg e ein mann så leke med ord
Nå står eg planta i kjærlighetsjord
Eg blomstre opp så aldri før
Men klare ikkje beskriva det du gjør

Så øveveldane e det så skjer
Så lyst og varmt det e blitt her
Så sterke fargar så rolige lyd
Et hjerta banke fylt med fryd

Men å beskriva det så skjer
Med verden ront meg når du e her
Då kan ein snømann finna varmare ord
For meg e verden blitt alt for stor

Kjetil Hamre

Titt, titt, her e me så blei født i 2007

(alder på bildet)



Vilde Marie Sæhle Heskja -
08.02 (1 år)

Kjersti Sæhle & Knut
Asbjørn T. Heskja



Johannes Alvestad - 19.03 (4 mnd.)
Daghild G. Alvestad & Tor H. Alvestad



Ole Magnus Aspenes Pedersen -
01.09 (5 mnd.)
Nina Kristin Aspenes & Ørjan Pedersen



Linnea Svendsen - 17.09 (3 mnd.)
Emma Svendsen



Amalie Elise Grinde Pedersen - 01.12 (2 mnd.)
Gro Grinde Pedersen & Rune Pedersen

Døde 2007



Leif Gerhard R. Hansen	26.04
Anny Helene Våge	20.05



Kulturkalenderen

Nye arr./endringar blir
utheva i neste utgåve.

Februar

- 18. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset
- 24. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset
- 24. Bingo på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
- 24. Årsmøte for Bokn bedehus kl. 19.00
- 25. Årsmøte i Bokn musikkorps kl. 18.00
- 26. Speidarbasaren på bedehuset kl. 18.00
- 26. Kommunestyremøte
- 27. Eventyrstund på biblioteket kl. 17.00
- 28. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30 Årsmøte
- 28. Forvaltningsstyremøte
- 29. Kino i Auditoriet

Mars

- 02. Gudsteneste kl. 11.00
- 03. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset
- 04. Speidaren har patruljemøte
- 04. Saniteten har årsmøte kl. 19.00, Allrommet
- 5.-7. Møter på bedehuset - Den Indre Sjømannsmisj. 19.30
- 07. Kino i Auditoriet
- 09. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
- 09. Familiespeiding kl. 15.00 i Speidarskogen - Oppmøte Knarholmsvegen
- 09. Møte på bedehuset, Den Indre Sjømannsmisj. 19.30
- 11. Speidaren har førarmøte
- 11. Formannskapsmøte
- 16. Gudsteneste kl. 11.00—dåpsskule/konfirmantane
- 20. Påskemåltid - Frelsesarmeen lkl. 19.00, bedehuset
- 21. Gudsteneste kl. 11.00
- 23. Gudsteneste kl. 15.00
- 25. Speidaren har troppsmøte i Loden
- 26. Eventyrstund på biblioteket kl. 17.00
- 27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 29. Bokn dansekлубb, påskefest kl. 14.00 Alle velkomne
- 30. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset
- 30. Bingo på skulen kl. 16.00, Bokn musikkorps
- 30. Møte, Karmsund ABR-senter kl. 19.30, bedehuset
- 31. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset

April

- 01. Speidaren har patruljemøte
- 01. Formannskapsmøte
- 04. Kino i Auditoriet
- 5.-6. Seminarhelg Bokn musikkorps på skulen
- 06. Gudsteneste kl. 11.00. Løftefornyng speidaren
- 06. Familiespeiding kl. 15.00 Boknafjellet—Oppmøte Vaulen
- 06. Møte NMS på bedehuset kl. 19.30
- 08. Speidaren har førarmøte
- 10. Kontaktmøte for bedehuset kl. 18.00
- 10. Forvaltningsstyremøte
- 12.-13. Seminarhelg Bokn musikkorps på skulen
- 13. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset
- 13. Møte—Normisjon kl. 19.30 på bedehuset
- 14. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset
- 15. Speidaren har pionering i småspeidarskogen
- 16. Kommunestyremøte
- 18. Kino i Auditoriet
- 19. Speidaren arr. Kampen om Vikingskipet, Kyrkjebygge
- 20. Vårkonsert Bokn musikkorps på skulen
- 20. Gudsteneste kl. 19.00 - samtalegudsteneste med fest etterpå
- 23. Eventyrstund på biblioteket kl. 17.00
- 24. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 27. Gudsteneste kl. 11.00 - konfirmasjon
- 28. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset

- 29. Speidaren har pionering i småspeidarskogen

Mai

- 01. Møte - Frelsesarmeen kl. 19.00 på bedehuset
- 02. Kino i auditoriet
- 04. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset
- 04. Familiespeiding kl. 15.00 på nærmiljøanlegget, Fyren
- 06. Speidaren har førarmøte
- 06. Formannskapsmøte
- 11. Gudsteneste—pinsegudsteneste i Tysvær kyrkje
- 16. Speidaren riggar til 17. mai
- 17. Gudsteneste lø. 10.30
- 18. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset
- 18. Møte - Misjonsambandet kl. 19.30 på bedehuset
- 23.-25. Speidartur til Vågholmen
- 24. Bokn dansekлубb, Vestlandsserien i Haugesund
- 25. Sundagsskulen deltar i gudsteneste i Loten kl. 11.00
- 29. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 30. Kino i Auditoriet

Juni

- 01. Familiespeiding kl. 15.00 i Ognahabn
- 03. Speidaren har troppsmøte i Loden
- 03. Formannskapsmøte
- 04. Saniteten har basar kl. 19.00 på skulen
- 05. Forvaltningsstyremøte
- 7.-8. Bokn dansekлубb til NM i Bergen
- 08. Sundagsskule - avslutning før sumaren kl. 10.30
- 08. Møte - Gideon kl. 19.30 på bedehuset
- 12. Bokn dansekлубb, sommaravslutning m/ danseoppvisning - alle velkomne
- 17. Kommunestyremøte

Juli

- 12. Sommarkmarknad Føresvik

August

- 22. Kino i Auditoriet
- 26. Formannskapsmøte

September

- 05. Kino i Auditoriet
- 16. Formannskapsmøte
- 19. Kino i Auditoriet
- 25. Museumsstafetten 2008 kjem til Bokn
- 30. Kommunestyremøte

Oktober

- 03. Kino i Auditoriet
- 17. Kino i Auditoriet
- 21. Formannskapsmøte
- 28. Formannskapsmøte
- 31. Kino i Auditoriet

November

- 04. Kommunestyremøte
- 14. Kino i Auditoriet
- 18. Formannskapsmøte
- 28. Kino i Auditoriet

Desember

- 09. Kommunestyremøte
- 12. Kino i Auditoriet

Oftare kino i Bokn

Jardar Havikbotn

I 2008 er det klart for filmframvisningar i Auditoriet kvar 14. dag.

Sundag 12. september 2003 var 94 boknarar på kino i Auditoriet. Det var fyrste gongen Bygdekinoen besøkte amfiet på Bokn skule, og sidan har det blitt rundt 20 filmar i året.

I dei filmåra som har gått har fleire storfilmene gått forbi Bokn og fleire har ytra ynskje om at alle filmene Bygdekinoen set opp kjem til Auditoriet. Og nå blir det slik, i alle fall dette året. Ikkje alle filmene vil vera like interessante for fleirtalet og me kan sjølvsagt risikera at folk blir for metta. Dette vil me få svar på etterkvart.

Forbetringspotensiale

Sjarmen med bygdekino må vel vera skifte av filmrull midt i filmen (sjølv om me har sluppe mykje av det i Bokn) og ofte prøving undervegs av både lyd og bilde. Til gjengjeld er filmene billegare enn i byen, men ikkje minst er det ei eiga ramme og stemning rundt ein bygdekino, og me veit at mange set stor pris på denne formen for møteplass.

Kino var ikkje skikkeleg inne i bildet då Auditoriet blei planlagt, og me har alltid hatt utfordringar med fastmontert videokanon, for lite lerret og mangel på surroundlyd. Dagslys var også eit problem før vindauga blei malte på utsida.

Den populære kinoen kan berre bli betre, og det vil visa seg om me får ting på plass før eller etter Bygdekinoen kjem til å reisa rundt med digitale framvisarar.



Bli med på fascinerende dyphavsventyr i 3D-animasjon, i stil med OPPDRAG NEMO og STOR STÅHAI.

Da fisken Pi foreldre omkommer i et garn forlater han sitt hjemlige farvann utenfor Boston og legger i vei over de store hav for å bo hos sin tante Pearl. Her møter Pi drømmedama - havets mest populære fiskepike, Cordelia, og han faller pladask.

Mykje å gle seg til

Til nå i år har me fått besøk av gode filmar som **Surf's Up, Eventyr I New York, Biefilmen og Arn.**

29. februar er det klart for Mer Ståhai. Her er omtalen:

Men den store, onde tigerhaien Troy er også forelsket i Cornelia og gjør alt for å legge kjepper i hjulet for den spirende romansen mellom Pi og Cornelia. For å redde Pi fra å bli halvmat går Cordelia med på å forlove seg med den fryktinngytende Troy, og nå må Pi samle alt sitt mot og kjempe for sitt liv og sitt livs store kjærlighet!

Fleire på kino

Jardar Havikbotn

568 personar var på kino i Bokn i 2007. Det gir eit snitt på 28 stk. pr. film, ei auke på 9% frå året før.

Av dei 239 plassane i landet som fekk besøk av Bygdekinoen i fjor, var det berre 40 stader som hadde eit betre publikumsnitt pr. film enn Bokn. Det høyrer også med at fleire av dei 40 berre hadde eitt eller to kinobesøk i 2007.

Populært i Bokn

Opplysningane frå FILM&KINO/Kinodrift er ikkje overraskande. Filmmaskinistane som har vore her har ofte sagt til meg at Bokn hadde høgast antal besøkannde på ulike filmar på ei kinorute, og det er hyggeleg.

På landsbasis har det imidlertid vore ein nedgang i besøk, og seksjonsleiar Arnfinn Inderhaug i FILM&KINO/Kinodrift seier at det nå gjeld å sjå framover og jobbe på for å få til ein oppgang i besøket.

- Filmutsiktene ser veldig bra ut

nå i januar/februar, med gledeilig nok en del norske filmer som vi tror det blir besøk bra på, seier Arnfinn Inderhaug.

I 2007 mangla dei aller største publikumssuksessane, dei store, populære filmene som fører til høge besøk - filmar som er sterkt medverkande til svingningar frå år til år.

Norske filmar

Det er gledeleg at norske filmar gjer det bra. Det er fem norske filmar blant dei 20 best besøkte i 2007. Olsenbanden jr Sølvgru-

vens hemmelighet og Elias og kongeskipet ligg som nr. seks og ti på denne lista.

Barne- og familiefilmene gjer det tradisjonelt svært godt på norske kinoar, 33 prosent av det totale kinobesøket, og dei norske barnefilmene hevdar seg godt i selskap med utenlandske barnefilm.

Dei fem best besøkte filmene i 2007 er **Harry Potter og Føniksordenen, Pirates of the Caribbean – at World's End, Shrek den Tredje, The Simpsons Movie og Rottatouille.**

M
E
G
R
A
T
U
L
E
R
E
R



Eg vil gratulera den goa venninnå mi, **Lisbeth** med 20 års dagen som var den 20. januar :)

Glad i deg :)

Klem fra Veronika



Me vil gratulera **Ella Berge** med 80 års dagen som var 19. januar. Her avbildta på dagen med alle dei 14 oldebarna rundt seg.

Hilsen alle dine!

Heidersmedaljer på Bokn Plast

Reidar Alvestad

Reidar Øvrebø, Oddvar Hognaland og Tor Kjell Foss har i løpet av dei siste åra fått utdelt Det Kgl. Selskap for Norges Vels medalje, jakkemerke og diplom for lang og tru teneste.

30 år i same bedrift

Først ut var Reidar Øvrebø som hadde runda 30 år i Bokn Plast i 2002. Etter det var det Oddvar Hognaland som i 2007 hadde vore tilsett i Bokn Plast i 30 år.

Den siste som har mottatt denne heidersbevisinga, er Tor Kjell Foss som fekk medalje, jakkemerke og diplom nå i 2008 for 30 år hos same arbeidsgjevar.

Påskjøning frå bedrifta

Driftsleiar Jan Inge Surnevik ved Bokn Plast fortel også at Bokn Plast i samband med at arbeidstakarane fekk medaljen, delte ut kr. 5000,- til kvar enkelt av dei som fekk medaljen som ei ekstra påskjøning.

Det er arbeidsgjevar som søker Det Kgl. Norges Vel om medaljen, og står for overrekkinga.

Utdeling av slike medaljer i tillegg til ei pengegåve er ei fin påminning om at bedrifta set pris på erfaring og stabilitet i jobben. Jan Inge Surnevik seier at det ikkje er nokon ekstra seremoni når dei deler ut dette, men at det vert gjort ved eit passande høve. Dei 3 som nå har fått denne utmerkinga, er dei 3 første ved bedrifta. Alt i år er det ein annan som har 30 år i bedrifta.

Andre tider

Reidar Øvrebø seier at då han begynte i bedrifta, var dei berre 8–10 personar som arbeidde der. Tor Kjell Foss begynte som reparatør i bedrifta. Oddvar Hognaland har for ikkje så lang tid sidan skifta litt på sine arbeidsoppgåver, og arbeider nå mest utan-dørs.

Bedrifta har nå rundt 20 tilsette, i tillegg til at High Comp har same antal.

Produkta er til dels dei same, men nye er kome i tillegg, som t.d. oljeutskillarar, feittutskillarar og oljetankar. Det vert også produsert spesialtankar til industrien. Den opprinnelege septiktanken er framleis i produksjon, men utforminga er endra.



Her sit alle tre med 30 eller fleire år bak seg i same bedrift.

Frå venstre Oddvar Hognaland, 30 år ved bedrifta i fjor, Reidar Øvrebø, 30 år i bedrifta i 2002, og t.h. Tor Kjell Foss som har 30 år ved Bokn Plast i 2008.

På bildet til venstre ser me diplom, heidersmerket og jakkemerket.

Ny bygdabladnemnd

Jardar Havikbotn

Kommunestyret veljer nemnd for Bygdabladet for kvar fireårsperiode. Nemnda har møte saman med redaktøren foran kvar utgåve og bistår redaktøren med å trekka opp dei redaksjonelle linjene samt å koma med tips til innhald for kommande blad.

Ta gjerne kontakt med dei viss du savnar noko/har idear til ting Bygdabladet bør skriva om. Me treng stadig tips og påfull for å skapa eit variert og spennande blad.

Stor takk til May Jorunn Vatnaland og Eva Moi for framifrå innsats i Bygdabladnemnda gjennom åtte år!



Fv. Lars Norekvål, Johannes Nilssen og Ellen Nedrebø er ny Bygdabladnemnd.

Johannes held fram frå den forrige nemnda medan dei andre er nyvalde.

Frå formannskapsmøtet 11.12.07

Sak 071/07 **Nærings sak - konfidensiell**

Formannskapet vedtok:

Bokn formannskap stettar søknad om fritak.

Sak 072/07 **Migrasjonsprosjekt i Rogaland - Søknad om midler**

Formannskapet vedtok:

Under føresetnad at dei andre kommunane i Rogaland vedtek å ta del i finansieringa av prosjektet, vedtek Bokn formannskap å stetta søknaden frå Styringsgruppa Migrasjon Rogaland med eit tilskott på kr. 2.500,-

Utgiftene vert dekkja ved bruk av avsette midlar til tillegsløyving

Frå kommunestyremøtet 18.12.07

Sak 042/07 **Avtale om revisjonstenester**

Kommunestyret vedtok:

Bokn kommune inngår avtale om kjøp av revisjonstenester frå Haugaland kommunerevisjon for perioden 01.01.08 - 31.12.2011

Sak 043/07 **Utbygging av kapasiteten i barnehagen**

Kommunestyret vedtok:

1. Kommunestyret godkjenner oppstart av arbeid med å klargjere barnehagen for auke i talet på plassar frå 40 til ca. 65 innan 01.08.08, slik det er gjort greie for i saksutgeinga.
2. Rådmannen får fullmakt til å fullføre arbeidet. Eventuelle vesentlege avvik frå saksutgeinga blir å legge fra for formannskapet til godkjenning.
3. Det blir løyvd kr. 340.000 på budsjettet for 2008 til naudsynte investeringar i samband med klargjeringa.
4. Kommunestyret vil be om å få som sak godkjenning av den "nye" barnehagen, med ny bemanningsplan, endring av vedtektene, og ny godkjenning etter barnehagelova og miljøretta forskrift for skule og barnehage.

Kommunestyret ynskjer at tilsette og foreldre får uttale seg i saka, og at kommunestyret vert orientert undervegs.

Sak 044/07 **Klasseromma på barnsteget**

Kommunestyret vedtok:

1. Kommunestyret ber rådmannen om å få vurdert korleis klasseromma på barnsteget kan tilpassast utviklinga i elevtalet.
2. Kommunestyret vil be om at eventuelle andre utfordringar, som til dømes HMS-tiltak for

3. elevar og tilsette, og samordning med SFO, blir tatt med i vurderinga.
4. Vedtak om midlar til naudsynt konsulent/arkitekt hjelp i arbeidet blir gjort i budsjettet for 2008'

I samband med vurderinga av klasserommet vil formannskapet ha ei befarang på skulen. Til denne befaranga må det leggest fram enkle planskisser som viser kva måte klasseromma kan byggast om, for å møte eit høgare elevtal.

Sak 045/07 **Budsjett 2008 og økonomiplan 2009-2011**

Kommunestyret vedtok:

Vedlagte forslag til budsjett for Bokn kommune for 2008 blir vedtatt på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 41.100.504,- fordelt på fylgjande rammeområde:

Sentraladministrasjonen (reservert løyving 1.379.000)	10.096.600
Seksjon kultur, skule, barnehage	13.285.000
Seksjon helse, sosial, barnevern	14.696.004
Seksjon teknisk	3.022.900

Av reservert løyving er 524.000 avsett til "Kjekt på Bokn". Bruken av desse midlarne vurderes i samband med at det legges fram ei samla sak om prosjektet "Kjekt på Bokn".

Kommunestyret vedtok fylgjande investeringar i 2008

Edb-leasingavtale	200.000
IKT plan skule	200.000
Utviding av barnehagekapasitet	340.000
Restareal bustadfelt	250.000
Vegkryss Jøsenvågen	50.000
Bygdabok	250.000

Totale investeringar på kr. 1.290.000,- vert dekkja med kr. 929.496,- frå driftsrekneskapet og kr. 360.504,- frå kapitalfond.

Kommuneskatten for inntekt vert utlikna med 12,05% og formue med 7 o/oo.

Eigedomsskatten for verk og bruk for år 2008 vert utskreven med 7 o/oo.

Gebyr satsane:

- A. Bokn kommunestyre vedtar at barnehage-satsane vert justert i samsvar med vedtatt maksimalpris. Deltidsplassar skal justerast forholdsmessig.
- B. Gratis frukt til SFO.
- C. Det vert ikkje innført byggesaksgebyr for bustadhus.
- D. Betalings satsane for mat til eldre vert ikkje auka i forhold til satsane i 2007.
- E. Dei øvrige framlagte satsane for kommunale avgifter og kommunale tenester for 2008 vert vedtatt i samsvar med rådmannen sitt framlegg i gebyrregulativ.

Sak 047/07 **Godtgjersle til folkevalgte i Bokn kommune**

Kommunestyret sitt vedtak:

Kommunestyret vil be rådmannen utarbeide sak om

"Reglement for godtgjersle til folkevalgte i Bokn kommune.

Forskrift om saksbehandling og kontroll.

Vedtaket er fattet med hjemmel i pkt. 2 i Kommuneplanbestemmelsene.

Frå forvaltningsstyremøtet 31.01.08

Sak 002/08 **Søknad om bygging av naust 70 m2 - Gnr. 11 bnr. 158 Alvestadkroken - Arvid Holberg og Ole Øvrebo**

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Forvaltningsstyret kan godkjenne oppføring av omsøkte bygning på 70 m2 under forutsetning av at eiendommen deles og bygningen seksjoneres i 2 bruksenheter a 35 m2

Før arbeidene settes i gang skal tiltaket godkjennes etter

Sak 003/08 **Søknad om deling av grunneigedomTilleggsareal til boligtomt - Gnr. 9 bnr. 117 - Cliff Olaussen**

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Harry Vågshaug gis tillatelse til fradeling av inntil 350 m2 fra eiendommen gnr. 9 bnr. 5 i Føresvik.

Vedtaket er fattet med hjemmel i plan og bygnings-loven § 7 og § 20-4.

Minneord

Kultur

Lokalt

Mor, bestemor og oldemor **Othilie Aksdal** døydde 20. januar 2008.



Othilie var født 24.11.1915, dotter av Torvald og Kirstine Øvrebø. Ho levde storparten av livet sitt på Aksdal på Austre Bokn. Her stifta ho og Arthur ein triveleg heim og fekk etterkvart fire born.

Othilie hadde ein eigen evne til å laga det trivelig kring seg. Det gode humøret og den humoristiske sansen hennar er det vi hugsar best.

Etter kvart fekk ho barnebarn og oldebarn, og for dei vart ho ei god og snill bestemor. Mange av dei hugsar nok feriar og besøk hos "bestemor i Bokn" med stor glede.

Othilie fekk og røyna korleis livet kan vera på godt og vondt. Då eldste sonen Lauritz omkom vart livet hennar gråare, men samstundes kom nye verdsborgarar til som kravde sin del av bestemor.

Ho etterlet seg tre barn, 12 barnebarn og 22 oldebarn, som saknar henne.

Fred med ditt minne.

Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 1 1988

Bokn Brukskunst

Me held til i den "gamle banken". På dugnad har me pussa lokala slik at veggene no er kvit måla og er ein fin bakgrunn for det som er hengt på veggene.

Me vil halda ope om laurdagane framover, og fyrste gong vert laurdag 30/01. Opningstida er frå kl. 11 - 13.

Boknarane kan med andre ord ta seg ein tur innom i tilknytning til laurdagshandleturen.

Du treng ikkje kjøpa noko, men ta ein tur innom og sjå korleis me har fått det.

Endå finare ville det vore om du sjølv har noko å bidra med. Det treng langt ifrå vera det ein kallar kunst.

Heimestrikka sokker er me sikre på ville gå unna som varmt kveitebrød; om berre einkvann ville strikka dei. Det same er nok tilfelle med hekla og sydde ting, anten det no er brikker eller dukar.

Det er ingen utanforståande som skal tene på dette. Dei som leverer inn tinga plusar på 10% på salsummen. Desse 10 prosenta skal gå til å dekkje straum og leige av lokalet. Me håpar at mange vil finna vegen innom, anten dei vil sjå, kjøpa eller selja.

Helsing Bokn Brukskunst

Reisebrev frå ein fiskebåt

Edgar Våge

Det er 12. nv. 2007 og eg er ombord på "MS ORDI-NAT" som er ute og leitar etter hestmakrell, denne taggete og litt grøne fisken som kjem inn frå atlanten om hausten.

Fisket etter "hest" som me seier må nok seiest å ha vore ein fiasko til nå i år, men kanskje det slår til på fullmånen den 24., ein får leve i håpet så lenge.

Det blir lange dagar på feltet når ein ikkje finn noko å kaste på, og då har me god tid til å sjå på fjernsyn eller som meg å lesa ei god bok eller to. Den siste eg las var ei bok av Jan Guillou som heiter "Madam terror", der hans berømte superagent Carl Hammlton og palestinske Mouna Hussein (Madam terror) var på oppdrag med den palestinske flåten sin første båt, u- båten "U- 1 Jerusalem". Denne boka var så spanande at eg anbefalar den sterkt.



Her pompar me nordsjøsild utanfor Peterhead.

reiv sundt nota i første kastet. Det blei lite fangst den natta, men enkelte båtar fekk opp til 300 tonn.

Me fekk oss 220 tonn før kulingen kom og då var det berre å leggja seg å bakka på og håpa på spakning snart. Spakning blei det, men barre kortvarig, og det blei ikkje meir fangst på oss denne gongen. Me sette kursen på Eigersund for levering og heller ikkje brislingen blei ein "sukcess" i år, men papen kom seg nå heim te jul litt ut i desember.



380 tonn makrell den 28. september.

Det blei ikkje hest på fullmånen heller, så me sette kursen mot land. Ca. ein time før me var inne kom beskjeden om at "ms Norderveg" hadde fått brisling sør i Nordsjøen, rett nord for den engelske kanalen. Det blei eit sværa styr med båtar i kø utanfor bøteriet (der me lagrar nøtene) for å skifta nøter, så det blei bunkring og full fart sørøver.

Då me kom på feltet 60-70 mil nord vest av Den Helder i Holland, blei det kasting med ein gong. Me var uheldige og



Kjenner du denne fiskesorten? Den får me mykje av i tråla når me er på kolmula vest av Irland. Eg veit ikkje kva den heiter, men kanskje nokon av lesarane kan finna det ut. Den er opp til to meter lang så det er ein stor fisk. Me får også stor blekksprut, men den er ikkje heil når me får den ombord.

Leiteaksjon på Bogn i Romjula

Kjell Frode Liel romjula var det ein storstilt leiteaksjon etter ein 12-åring i området rundt Mortavika. Etter 2 døgn, dvs fredag føremiddag blei det beslutta å gjennomføra søk på denne sida av Boknafjorden. I forhold til ver og straumar var då Bogn ein naturleg stad å starta.

Bogn Røde Kors fekk då i oppgåve å organisera aksjonen som skulle dekkja området frå Alvestadkroken til Rekavika. Haugesund, Åkra, Kopervik og Skudeneshamn Røde Kors blei såleis kalla inn for å bistå. Oppgåva var sjøgående søk. Totalt kom me opp i 8 båtar. Under ein sånn aksjon er me alltid avhengig av lokal patriotisme for å få ting til å gå smurt.

Ein stor takk til Egil Ognøy som opna sjø-

huset sitt så me fekk oppretta KO (Kommandosentral) der. I søket fekk me og nytta ein båt til Grieg Seafood og takkar for det. Utpå ettermiddagen bles det opp igjen og båtene blei trekte inn litt før det skumra. Søket var diverre resultatlaust.

Neste dag starta me så snart det blei lyst. KO blei oppretta i Arsvågen Kro og Gardsmat sine lokale (**bildet**), nok ein gong velvilje. Søkeområdet var det same og veret var betre. Denne dagen var me 4 båtar etter ønske frå LRS (Lokal redningsentral) i Stavanger. Det skal og nemnast at Bogn Båtforening på eige initiativ organiserte søk Vågholmene-Brattholmen-Hervikfjorden med 8 båtar.

Når det skumra måtte me diverre berre konstatera at dagen var resultatlaus. Begge dagane måtte det mat til, og denne fekk me lov å laga på kjøkenet til Sjukestova. No var

søket over for vår del.

Guten blei funnen omkommen av miniubåt dagen etter, rett utanfor der han var antatt å ha ramla ut i sjøen.



Pølsemaker, pølsemaker, hvor har du gjort av deg?

Kari Hetland

Om pølsemakeren i Leif Justers sang forteller om en forsvunnet pølsemaker, så var i hvert fall pølsemakerne i en garasje på Laupland tilstede, opptatt med å lage julepølse i slutten av november.

Plan og ønske har vært i mange år å samle en vennegjeng til pøselaging før jul. I år ble den en realitet, og det var folk samlet fra både Ølensvåg/Åkrafjorden og Karmøy.

Hjortekjøtt og rådyr fra fjorårets jakt, samt i år, og geit fra støl i Åkrafjorden i tillegg spekk bestilt hos Lundal på Frakkagjerd skulle danne basis for pølse-deigen. Grisetarmer ble også bestilt på samme plass.

Sigrud fra Ølensvåg, oppvokst i Åkrafjorden, hadde lært hem-



Sigrud pølsesjef tilsetter rett mengde potetmel og krydder.

meligheten på gode pølser fra sin bestemor.

Forarbeid tar tid. Det ble malt kjøtt og spekk i flere omganger, krydder og potetmel tilsatt. Nitritt ble anbefalt fra faglig hold for å gi farge, men det ble bestemt at pølsene skulle være uten tilsetningsstoffer.

Tidkrevende

Pølsemakerne var ivrige i tjenesten. Kassene med pølsedeigen ble knadd mens pølsemakeren lå på kne. Det var ingen lett jobb. Til slutt skulle pølsene stappes i tarm.

Det ble litt feiling til å begynne med, og det ble brukt mer tid enn beregnet. Rygg og armer fikk prøvd seg og det kjentes etter at vi var ferdig. Men endelig var jobben gjort og pølsene ferdig for neste prosess, som skulle foregå ut av huset.

Resultatet ble fire kasser levert til røykeriet hos Jacob



Pølser klar til røyking hos Jacob Vågshaug 22.11.07



Klart til pølsestesting med tilbehør.

Vågshaug i Føresvik. Han har god erfaring i å røyke fisk, og var velvillig til å hjelpe med disse mengdene som ble større enn planlagt. Røykingen tok sin tid, men resultatet ble veldig bra etter tilbakemelding vi har fått like fra Tromsø.

Fire dager etterpå var det invitert til testing av pølsene. Dette med alt tilbehør som seg hør og bør.

En litt annerledes juleforberedelse ble det på Laupland i 2007, men som sikkert har blitt praktisert her på gården i gamle dager.



Markering for lang tenestetid

Jardar Havikbotn

Under juleavslutninga for kommunalt tilsette 20.12 i fjor blei det delt ut gratiale for 15 års teneste.

Hendinga blei som vanleg pakka inn av ein velsmakande julelunsj, julepakkar og drøsetid.

Frå venstre: Assisterande rådmann Solrunn Alvestad heidra Brit Opsal, Kristin Eide og Jan Sollid for lang og tru teneste i Bokn kommune.

Alle har jobba i kommunen i 15 år.

Foto: Reidar Alvestad

Juletreffest på Bedehuset

Kari Hetland

Speideren samlet familier og speidere til juletreffest før jul. Det var fullt med folk. Flere stoler måtte settes inn i salen før Svein Ove Alvestad ønsket velkommen fra talerstolen. Tidspunktet for festen var kl. 15.00. Det kan være grunnen for god oppslutning av dem som har små barn.

Lydnivået var høyt og leder Merete Alvestad måtte bruke volum på stemmen for å nå fram med sitt budskap for festen. Det blir ofte slik når små og store er samlet på en liten plass.

Engelen Gabriel

Det ble dramatisering med engelen Gabriel. Han fortalte fra tiden før Jesus sin fødsel og at pappen, Josef ble ganske overrasket da Gabriel stod foran han og sa hva som skulle skje med Maria.

Det var julepregning i to omganger og bespisning av med-brakt kakemat på bordet i kjelleren. Det var tilløp til kø og noe trangt om plassen. Men på juletreffest må man regne med litt av hvert og være åpen for det meste.

Barnekoret sang fint. Ikledd hvite kapper og sølvpynt i håret. En av medlemmene, Julie Bokneberg, fikk en gave for 5 års medlemskap.

Nissefar

Det var også besøk like fra Nordpolen. Mann kledd i skjegg og rød sid kappe kom inn døren. Han bar tungt. På ryggen hadde han en stor sekk med mandariner - **bildet nederst**. Barna kom fram og nissefar delte villig ut. Det varte ikke lenge før det "lukket jul" da mandarinene ble skrelt. For små fingre kan det være godt å ha ei bestemor som kan hjelpe til med dette - **bildet øverst, Fredrik og Solveig Våga**.

Det var god stemning, liv og røre på bedehuset. Det er kjekt når huset blir brukt og at det kunne være tilløp til kø enkelte plasser er egentlig et luksusproblem. Måtte god oppslutning fortsette på arrangementer i Bokn. Dette kan gi ildsjelene som står på en ny giv.



Bokn Idrettslag informerer

Hei alle sammen.

En stor takk til alle aktive, passive, familie og andre som har sørget for å holde aktiviteten høyt oppe i 2007. Nå er våren i anmarsj og BIL har store utfordringer for 2008. Vi har desverre ikke klart å få all informasjon til å sette opp kamplister og timeplan for andre aktiviteter til dette nummeret, men vil ha det klart til neste nummer av Bygdabladet.

Vi står nå foran en aktiv vår/sommer/høst, hvor vi skal avvikle hjemmekamper, bortekamper og Cup'er. Vi er også i planleggingsfasen av ny ballbinge som skal bygges i området mellom Idrettshuset og skolen, dette vil også kreve endel dugnadstimer ifra alle aktive i både Idrettslag, Velforening og skole. Vi vil komme tilbake med mer informasjon om fremdriften

av ballbingen etterhvert.

Norgescup

Trialgruppa skal arrangere Norges-Cup-finale på Torland 7. september, og her trengs også all dugnadsvilje som finnes for å skoge, bygge bane og flytte brakker, etc. Informasjon angående dugnadstider vil det komme oppslag om.

Vi skal også oppgradere møblene i vårt utleielokale i Idrettshuset, slik at dette vil bli enda mer attraktivt å leie til diverse arrangementer som konfirmasjoner, barnedåper, jubileum etc. Samtidig vil vi prøve å holde mer stand på trenings/kjellerlokalet vårt som blir mye brukt. Det vil bli hengt opp forslagskasse og mer informasjon til brukere av lokalet. Det vil også komme oppslag (navn og tlf.) om hvem som har de forskjellige rollene/ansvar, slik at brukere lettere kan få kontakt med rett vedkommende.

Vi vil også i år, som ifjor ble vellykket, prøve å få til en "Høstfest" med innhold av revy og dans. Dette kommer det mer info om senere.

Vi vil prøve å oppdatere både aktive og ikke aktive medlemmer på best mulig måte, igjennom både Bygdabladet og oppslag. Likevel ønsker styret tilbakemeldinger, forslag og nye idéer til hva som kan gjøres for at BIL blir enda bedre for alle.

Minner på at medlemskontingent vil bli sendt ut iløpet av februar.

Mer info i neste nummer. Her vil vi også presentere det nye styret i Bokn Idrettslag.

En stor takk til alle Idrettlagetets sponsorer for 2007. Uten deres økonomiske støtte ville vi ikke klart å opprettholdt aktiviteten.

mvh
Chr. Bottolf Knutsen
Formann Bokn Idrettslag

Juletreffest i skogen

Tekst: Kari Hetland - foto: Terje Riber

Småspeideren sin oppstart i det nye året, 8. januar, foregikk i mørke, opplyst av leirbål, fakler, oljelykter og deltagernes lommelykter.

Det yrte av liv og folk. Kvelden ble åpnet av Johannes Nilssen og flagguttrulling av to speidarar. Så var det lua av og nasjonalsangen.

Det kom uventa besøk i skogen. Tre vise menn hadde forvilla seg ned i mørket. Mennene var på leit etter slottet som de trodde den lille kongen var blitt født i. De hadde ulik oppfatning av turen. En meinte at de aldri skulle latt kamelene være igjen hjemme. Nå var han trøtt og forstod ikke hvorfor de skulle gå rundt i en skog og lete. Etter å ha diskutert seg imellom valgte de å gå videre innover i skogen - til applaus.

Hausta treet

I programmet var det opplyst at treet skulle haustast. Det var vel noen som undret seg på hva dette skulle bety. Med nærmere ettersyn, godt hjulpet av lommelykten kunne en se et grantre pynta med godteposer.

På tradisjonelle juletreffester blir det ofte utdeling av nissen, men en speidar er i aktivitet og ikke passiv. Derfor var det lagt opp til oppgaver for å kunne få snopet som hang fristende i grana.

I skogen var det hengt opp ulike ting som ikke hørte til der. Tolv ting skulle huskes og i tillegg tre forskjellige dyrelåter som en hørte. To av lederne skulle så høre de forskjellige



Speidarguttar koser seg rundt bålet.

gruppenes oppramsing og så bar det rett til grana. Kakao ble også servert. Det varmet godt.

Merete Alvestad gav så informasjon og minnet om årsmøtet på Bedehuset 5. Februar, der hun oppfordret foreldre til å stille som ledere. Det vil bli diskutert om å dele småspeideren da det nå er ganske mange medlemmer.

Tilslutt innrulling og hilsen til flagget.

Fin kveld og godt oppmøte. Speiderbevegelsen i Bokn er en populær fritidsinteresse. Lederne gjør en viktig og god jobb. De er engasjerte og har spennende ideer som fremmer aktivitet og utvikling.

Mat mot kreft

Jardar Havikbotn

Forfatterane av boka Mat mot kreft slår fast at dårleg kosthald utgjer 30 prosent av risikoen for å utvikla kreft.

For å setta større fokus på frukt og grønnsaker si rolle i å førebygga kreft har Kreftforeningen, Kagge forlag og Opplysningskontoret for frukt og grønt, gitt ut boka Mat mot kreft.

Forfatterne, Dr. Richard Béliveau og Dr. Denis Gingras, er to anerkjente kreftforskarar frå Canada, og boka er oversett til over 25 språk. **Mat mot kreft er i sal hos Kiwi, Rema, Rimi, Ica, Ultra, Meny og i bokhandelen.**

Generalsekretær Anne Lise Ryel i Kreftforeningen seier til NTB at informasjonen og råda i denne boka er viktige for alle, både for å førebygga sjukdom

og for dei som allerede er ramma av sjukdom.

Kvart år blir det registrert 24 000 nye krefttilfelle i Noreg og mange trur at kreften rammar blindt og tilfeldig, men slik er det ikkje. I boka Mat mot kreft slår forfatterane fast at dårleg kosthald utgjer 30 prosent av risikoen for å utvikla kreft og gir lesaren ei innføring i matvarer som inneheld kreftbekjempande stoff og korleis desse kan hjelpa oss med å førebygga kreft.

Midt i blinken

Seniorforskar Edgar Rivedal frå institutt for kreftforskning ved Radiumhospitalet og Professor Rune Blomhoff frå institutt for medisinske basalfag ved Universitetet i Oslo skriv i forordet at boka er midt i blinken for dei som er interesserte i helseopplysning med vekt på frukt og grønnsaker si betydning i kreftførebygging.

Mange av dei vanlegaste frukter, bær

og grønnsaker er fulle av kreftbekjempande molekyl som bidrar til å hindra at man utviklar kreft, og dei fleste av boka sine anbefalte matvarer finn ein i nærmaste daglegvarebutikk; Broccoli, blomkål, hodekål, rosenkål, løk, purre, sjalottløk, kvitløk, tomater, sitroner, appelsiner, soya-bønner, jordbær, blåbær og bringebær.



Boka har en veiledande utsalspris på kr 112,- og er også i sal på nett hos www.haugenbok.no og www.bokkilden.no. Delar av inntektene går til Kreftforeningen.

Julegudstjeneste med drama

Kari Hetland

Øving tre mandager før jul i kirken gav julegudstjenesten i Bokn kirke noe spesielt i år. På generalprøven torsdag før jul var også Sokneprest Arne Aurdal med. Besøkende i Bokn kirke julaften ble tatt med tilbake til stallen i Betlehem og dramaet som hendte da Jesus ble født.

Her var profeten som på forhånd hadde forkynt for folket at en frelser skulle bli født. Keiser Augustus stod i lilla kappe og kunngjorde at alle skulle skrives inn i manntall. Josef og Maria kom til herberget, men eieren sa han ikke hadde husrom til dem.

Etter å ha sett Marias tilstand fikk de tilbud om å overnatte i stallen. Her kom Jesus til verden. Gjeterne med myke lekesauer i hendene ble redde og kastet seg ned i midtgangen av kirken da to engler med ett steg opp på stoler og sa at det var født en Frelser.

Tre vise menn hadde også hørt dette og kom inn, kledd i fargerike kapper og hodeplagg med gaver til barnet som hadde blitt født.

Det manglet ikke på drama i juleaftens gudstjeneste i Bokn.

Under dramaet fortalte sokneprest Arne Aurdal fra taler-stolen. Etter fremføringen fortsatte presten med talen for kvelden.

Julegudstjenesten 2007 ble annerledes og engasjerende. En av besøkende var en dame som har bodd 50 år i Amerika.



Engasjerende og flinke aktører under kyndig ledelse av Wendy Riber fremførte historien i sang og dramatiserte hovedbudskapet i hvorfor vi egentlig feirer jul. Klærne til fremføringen er laget av Wendy og hennes mor Marjorie Herbert.

Hun syntes det var spesielt fint å få oppleve norsk julegudstjeneste med barn som sentrale aktører i dramatiseringen av julebudskapet.

Kommunal informasjon

Ledige vikariater i seksjon helse, sosial & barnevern

PLEIE OG OMSORG:

SJUKEPLEIAR ca. 100% natt, ein kombinasjon av fast stilling / vikariat frå snarast til medio 2009. Stilling-sandelen kan delast på fleire stillingar.

FERIEVIKARAR til alle avdelingane; sjukepleiar, vernepleiar, hjelpepleiar, omsorgsarbeidar, ambulansesjåfør.

I tidsrommet 16.juni til 30.august. Oppgi i søknaden kor du ynskjer å arbeide, tidsrom og stillingsprosent.

Personar utan fagutdanning kan også bli vurdert, og vi oppfordrar spesielt studentar / elevar som tar helsefagleg utdanning til å søkje.

Pleie og omsorgstenestene er organisert slik at Bokn sjukestove er personalbase for tenestene som vert ytt brukarane både i institusjon og i heimane. Det er 11 institusjonsplassar, 1 avlastningsbustad og 14 omsorgsbustader i kommunen.

Stillingane inneber varierte arbeidsoppgåver innan samordna tenester.

Sjukepleiarane deltek i ambulansoppdrag i kommunen, som har sjukebil stasjonert ved Boknatun. Arbeid kvar 3. helg. Ein må kunne disponera bil i

arbeidet.

Stillingane vil bli løna etter Hovudtariffavtalen etter type utdanning og ansiennitet. Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.

Stillingane som sjukepleiar er løna etter Bokn-modellen, p.t. med ei årsløn på kr. 322.749 – kr.351.141, med ein stige på 12 år. Sjukepleiar med vidareutdanning/spesialitet er løna med årsløn på kr.330.864 – 363.309.

Opplysningar om arbeidsforhold og liknande kan ein få ved å venda seg til Solrunn Alvestad, tlf. 52 75 25 02, eller fagansvarleg sjukepleiar Aud Larsen, tlf.52 75 25 30.

Søknad med CV og relevant informasjon sender ein til Bokn kommune v/seksjon helse, sosial og barnevern, 5561 Bokn innan 01.03.08

Kommunalt husvære til leige

Frå ca. 1.april 2008 er det eit mindre husvære til leige i Føresvik. Det inneheld stove, kjøkken, 1 soverom, bad/WC, vaskerom og bod. Husleiga er for tida kr. 1.995,- pr. mnd. Straumforbruk kjem i tillegg.

Søknad kan sendast til Bokn kommune, 5561 Bokn innan 29.februar 2008.

Treng du opplysningar, kan du ringa Bokn sosialkontor, tlf. 52752504.

UNGSOMSBUSTAD PÅ ØYREN TIL LEIGE

Bokn kommune har 1 ungdomsbustad på Øyren til leige frå 15. april 2008.

Bustaden er på 51 m² med stove/kjøkken, 1 soverom og innvenig og utvendig bod.

Husleiga er kr. 2.435,- pr. mnd. Utgifter til straumforbruk/oppvarming kjem i tillegg.

Bokn kommune har vedtatt reglar for utleige av ungdomsbustader som går på leigetid, alder m.v.

Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å venda seg til Bokn sosialkontor, tlf. 52 75 25 04.

Søknad kan sendast til Bokn kommune, 5561 Bokn.

Søknadsfrist: 29.februar 2008.

VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skysst til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike tilstelningar, handla på butikken m.m.

Nokre pensjonistar ønsker å vera tilgjengelege som sjåførar, og desse har ei vaktordning og ein mobiltilf. til disposisjon.



94 14 47 35

For å avtala tid, ring dette nr. - helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren -

- Kr. 3,- pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.
- Minstepris kr. 50,-

Informasjon om legetenesta

4. mars opnar legekantoret på Bokn

Vår nye kommunelege, Dag-Helge Rønnevik, tar imot pasientar på legekantoret på Boknatun frå og med **tirsdag 4. mars 2008**. Alle nye pasientar er vel-komne.

For bytte av fastlege kan ein gå inn på www.nav.no eller ringa fastlegekantoret på telefon 810 59 500. Det er per i dag ledig kapasitet hjå dr. Rønnevik.

Opningstid kontor:

Tysdag, fredag og anna kvar torsdag (i partals-veker) kl. 08.30 – 15.00.

Telefontid:

Alle dagar kl 08.00 -11.00 og 13.00 - 14.00.

Telefon **52 75 25 40**.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp

Dersom du på dagtid treng øyeblikkeleg hjelp og ikkje kjem gjennom til legekantoret, kan du i nødstilfeller ringa direkte til sjukestova på telefon **52 75 25 30** eller nødtelefon **113**.

Etter kontortid (etter kl. 15.30) må ein ved behov for øyeblikkeleg hjelp ringa legevakta på telefon **52 77 07 00** eller nødtelefon **113**.

Fram til 1. mars gjeld avtalen med dr. Fazekas i Aksdal (telefon 52 75 50 60).

Frivillig mannskap til brannvesenet

Det er ledig 1 stilling som frivillig mannskap i Bokn brann- og redningsvesen.

Søker må ha førerkort (klasse c vil være en fordel) og være i god fysisk form. Den som blir tilsatt må være villig til å gjennomgå nødvendig opplæring.

For å styrke beredskapen på dagtid er det ønskelig at vedkommende har arbeidssted innen en radius på 15min kjøring til Føresvik.

Tjenesten omfatter 8-10 øvelser/utrykninger pr. år. I tillegg er mannskapene forpliktet til å bære personsøker døgnet rundt når en oppholder seg i kommunen.

Det er foreløpig ikke innført vaktordning.

Tilsettingsvilkår vil ellers være i henhold til gjeldende avtaleverk og at består en helsesjekk for brannmannskaper.

Fast godtgjørsle utgjør for tida kr. 13.000,- pr. år. I tillegg blir det betalt for deltakelse på øvelser og utrykninger.

Spørsmål kan rettes til brannsjef Hans Faye på telefon 52752505/98221505

Søknad må være sendt Bokn kommune innen den 29.02.2008

Brannsjefen

Orientering om oppgjer for reiser til undersøking og behandling

Reiseutgifter skal dekkjast på grunnlag av billegaste reise-måte med tutefåande transportmiddel til nærmaste stad der du kan få helsetenesta.

Dersom helsa di gjorde det nødvendig å nytte dyrare transport eller å ha med følgje, må du leggje ved pasienttransportrekvisisjon eller erklæring frå behandlar.

Når Bokn kommune kan tilby fastlege blir dette nærmaste stad der du kan få denne behandlinga. Reiseutgifter blir derfor ikkje lenger dekka til Aksdal.

NAV Bokn Trygd

Vinnar av **konkurranse for bokormar i des.nr.:**

Emilie, Kenneth og Thea (Anja Alvestad) Driftarvegen 10, 5561 Bokn. Gratulerer! Bamsen kan hentast på biblioteket.

I Bokn i 2007 var det utrykning til 3 trafikkulykker, 2 bilbrannar, 1 gras-/lyngbrann og 1 bygningsbrann.

1 person omkom i trafikkulykke.



HÅRSMIÅ



Velkommen til HÅRSMIÅ

Åpent alle hverdager

Har inne alle produkter i Eksklusive-serien
Inner effect - Goldwell

www.goldwell.com

Variert utvalg i vax for herrer

Tlf. 52 74 86 47 - 46 44 29 20

Mona



KROVÅGEN HESTESENTER

5561 Bokn – tlf. 91 12 08 01 – kachris@online.no

Ridekurs

Rideleir i påsken og sommerferien

Hest og ponny på før

Aktivitetsdager i stallen

Bursdagsfest på låven

Andre arrangementer etter avtale

**For mer informasjon, besøk våre
hjemmesider www.kro-hest.no**

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr 800,- + moms.

Pris pr. veke kr 4000,- + moms.

Pris pr. dag kr 100,- + moms for leige av vridbar
pusseskuffe.

Kontaktpersoner:

John Magne Lie
mob: 909 24 964

Kjell Frode Lie
mob: 907 83 797

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
90 92 49 64

Kjell Frode Lie
90 78 37 97

Haugalandskonferansen 2008

Årets konferanse går av stabelen 7. mars på Rica Maritim Hotel.

10 års jubileum

Mer info på www.hninf.no - der kan du også melde deg på

Velkommen til en spennende og interessant konferanse

Ønsker å kjøpe

4 tallerkner fra boknasamlinga "Motiv fra Bokn".
Mangler 1. – 4. årgang 1991 – 1994.
Produsert av Millhouse Danmark.

Erik: tlf. 476 363 47

Takk for oppmerksomheten ved min 80 års dag.

Ella Berge



COOP BOKN



Årsmøte

Opningstider

Måndag - fredag
09.00 - 18.00

Laurdag
09.00 - 16.00

Coop Haugaland Bokn krets

Arsvågen 4. mars kl. 19.00

Drivstoff heile
døgnet

Kortautomat

Prøvekjør ny Opel på Bokn



Opel. Fresh thinking—better cars.

- Lørdag 16. februar
Opel Zafira

fra ca. kl 15.00



- Lørdag 1. mars
Opel Vectra

fra ca. kl 15.00



- Ny bil til våren?
Ring meg for tilbud og
prøvekjøring på Bokn.
- Ta gjerne kontakt for
EU-kontroll og service.
Jeg ordner transport.

**Olav L. Rossebø 47 46 90 97
52 70 60 19**

Prøvekjøring fra Leirgrovvegen 21

Åkra Bil AS

Diktervegen 8 - 5538 Haugesund

www.aakrabil.no

alltid™

- kortet med alt i.

Med Alltid 18-34 får du de banktjenestene som trengs i hverdagen – til en fast månedspris. Mer info finner du på www.sr-bank.no

Vit at vi er der.

SpareBank 1 SR-Bank

Div. tenester på Boknaton

JORDMORTENESTA

Jordmor holder til på Bokn legekontor mandag i oddetallsuger.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

HELSEØSTER

Helsestasjonen er open måndager, onsdager
og fredager kl. 8-15.30 - Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

Rita Bokneberg - fotterapeut

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknaton
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef



NAV BOKN TRYGD

Kontortid kl. 9.00 – 14.30

Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: 815 81 000

TANNLEGEKONTORET

Tysdagar kl. 08.30 - 15.00 Direktenr. 52 75 25 80

For endring av timeavtale: 52 75 45 20 - Tysvær

Ingjerd Hope Myklebust- tannlege

Stort forsidebilde:

12.01.08: Bokn sitt innslag i opningsparaden til Stavanger08

Foto: Alf-Robert Sommerbakk/Haugesunds Avis



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for inn-
levering av stoff er etter avtale med
redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året,
ikkje januar og juli.

Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis
for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Johannes Nilssen

Ellen Nedrebø

Lars Norekvål

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 625,-

Halvside kr. 375,-

Kvartside kr. 188,-

1/8 side kr. 125,-

Privatann. kr. 62,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00.

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler ekskl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.

E-post: postmottak@bokn.kommune.no



BOKN BIBLIOTEK

Opningstider:

Mandag	09.00 - 11.30 (for skulen)
Tysdag	09.00 - 13.30
Onsdag	16.00 - 19.00
Torsdag	09.00 - 13.30

Himmelsk laupskaus?

Olav L. Rossebø

Fredag 18. og fredag 25. januar kunne boknarene sjå eit relativt sjeldant verfenomen på morgonhimmelen.

I aust kunne man sjå fantastiske perlemorskyer som viste seg i ein fantastisk fargeprakt. Skyene endra fargar undervegs og det var reint fascinerande å sjå på.

Perlemorskyer eller **polarstratosfæriske skyer** er skyer som blir danna om vinteren i stratosfæren i høgder på 15.000 til 30.000 meter, og ligg dermed dobbelt så høgt som cirruskyer i troposfæren. Stratosfæren er svært tørr. Skyer, som er svært vanleg i troposfæren, oppstår sjeldan i stratosfæren.

Perlemorskyene blir danna i svært låge temperaturar, under -78°C . Temperaturen kan bli så låg i den lågare stratosfæren om vinteren. I Antarktis kan temperaturar under -88°C ofte danne perlemorskyer type II. Slike låge temperaturar er ikkje så vanleg i Arktis.

På den nordlege halvkula kan kraftig vind over fjell skape fjellbølgjer som forplantar seg oppover i atmosfæren. Der lufta stig mot bølgetoppene blir lufta ekstra avkjølt, og den svært tørre lufta kan kondensere til skyer.

Sidan desse skyene blir danna svært høgt, kan sola skine på dei frå under horisonten. Solstrålene blir brote i iskrystallane på same måte som når lys går gjennom eit prisme, og eit flott fargespekter oppstår. Ein kan best sjå perlemorskyer når sola er like under horisonten.

Type II

Ut frå bildene vil eg tru at skyene som var å sjå over Bokn desse dagane var perlemorskyer av såkalla type II. Det vil seie at dei inneheld iskrystallar.

Eit flott skue var det uansett.

ØVERST - 18. januar: Ein himmelsk fargeprakt!

Foto: Torny Rossebø

MIDTEN - 25 januar: Skyene endrar fargar undervegs.

Foto: Jardar Havikbotn

NEDERST - 25. januar: Eit fascinerande skue.

Foto: Olav L. Rossebø

